

Masteroppgåve

Ein studie av kvinner i etableringsfasen

**Eit kjønnsperspektiv på
fråflyttingsproblematikken**

Randi Løseth Aasen

Samfunnsplanlegging og leiing
2020

Word Count: 27 331



HØGSKULEN
I VOLDA

Summary

A study of women in the establishing phase

A gender perspective on depopulation issues

Centralization is an applicable term in Norway. People have been moving from small places quite a long time, but one takes more note of it now, as depopulation is becoming more evident in the rural districts.

In this thesis I apply a gender perspective and I study women. I want to explore why things turn out as they do, analyzed along three analytical axes: class, education and gender.

The theory is connected to each of the three perspectives. I have used established theory, biographies and statistics to enlighten the discussion.

The Thesis Question is:

What can be decisive for a woman`s decision to stay in the countryside or move to a city?

The three research questions are:

- 1. How do women from different classes in society define a good life, and do they have freedom of choice in terms of what they want to be and where they want to live, regardless of family background?*
- 2. What can affect young women`s choices and do they experience that higher education change their sense of self and belonging?*
- 3. How can a young woman define her own role in the countryside, and yet be accepted?*

I have used qualitative research method and have interviewed eight young women.

To preserve the anonymity of my informants, I have used pseudonyms. Some places I have made slight changes in their statements, just to make it impossible to recognize.

A huge number of factors can have influence on two of the women`s most important choices in life: Which education should she choose and where to settle down. I was primarily looking for the experiences of my informants, and secondly the thesis maybe could lead to greater understanding and some advice for policymakers and regional planners.

Based on my material, it may look like there are differences between those who choose higher education and those who do not, with regards to what they consider most important in their lives. Those who do not choose higher education seem to be more concerned with being satisfied, being happy and having enough, while those with higher education consider earning enough and job security to be primary priorities.

The informants who prefer to live in the countryside in the future, choose an education which will secure them a job in the local area. Other informants choose to educate themselves within something they enjoy without considering where they want to live, or it can be a result of random choices. What they choose may be gender specified, like in the rest of Norway. My informants who live in the countryside choose more traditionally than those who live in a city.

To live in a village can on one hand be perceived as safe, but on the other hand it can create a feeling of being monitored. Being different is not easy. It means lot to have a network and a family for acknowledgement and support.

Samandrag

Ein studie av kvinner i etableringsfasen

Eit kjønnsperspektiv på fråflyttingsproblematikken

Sentralisering er eit aktuelt tema i Noreg. Folk har flytta frå små stader ganske lenge, men ein legg meir merke til det no. Det tek til å vise att på landsbygda.

I denne oppgåva har eg eit kjønnsperspektiv og eg studerer kvinner. Eg ynskjer å utforske kvifor nokre vel som dei gjer, analysert gjennom tre aksar: klasse, utdanning og kjønn.

Teorien er knytt til kvar av dei tre aksane. Eg har brukt etablert teori, biografiar og statistikk.

Problemstillinga er:

Kva kan vere avgjerande for at ei kvinne vel å bli buande i heimbygda eller flyttar til ein by?

Dei tre forskingsspørsmåla er:

- 1. Korleis definerer unge kvinner frå ulike sosiale lag eit godt liv, og opplever dei å ha valfridom til å velje kva dei vil bli og kvar dei vil bu uavhengig av familiebakgrunn?*
- 2. Kva kan påverke unge kvinner sine val, og erfarer dei at høgare utdanning kan endre deira bilete av seg sjølv og kvar dei opplever å høyre til?*
- 3. Korleis kan unge kvinner definere si eiga rolle i heimbygda, og likevel kjenne seg akseptert?*

Eg har brukt kvalitativ metode, og har intervjuet åtte unge kvinner. For å bevare anonymiteten til kvinnene, har eg brukt pseudonym. Nokre stader har eg endra på utsegner, for å gjere det umogleg å kjenne dei att.

Ei enorm mengde faktorar kan ha påverknad på to av dei viktigaste vala i kvinner sine liv: Kva utdanning ho skal ta, og kvar ho skal etablere seg. Eg var først og fremst ute etter informantane mine sine personlege erfaringar. Deretter at oppgåva kanskje kunne leie til større forståing, eller råd til politikarar og planleggjarar.

Utifrå materialet mitt, kan det sjå ut som om det er ulikskap mellom dei som tek høgare utdanning og dei som ikkje gjer det, og kva dei ser på som viktigast i livet sitt. Dei som ikkje tek høgare utdanning ser ut til å vere meir opptekne av dei nære ting, som å vere fornøgd, vere lukkeleg og ha nok, medan ein hos dei med høgare utdanning finn nemnt det å tene nok, og vere sikra jobb.

Informantane mine som er bevisst på at dei vil bu i heimbygda i framtida, vel ei utdanning der får jobb i lokalt. Andre vel å utdanne seg i det dei trivest med, utan tanke på kvar dei får seg jobb, og det kan vere eit resultat av tilfeldige val. Kva du vel kan vere kjønnsbestemt, slik som i resten av landet. Informantane mine som bur i små bygdesamfunn, vel meir tradisjonelt utifrå kjønn enn dei som bur i by.

Å bu i ei bygd kan på den eine sida bli oppfatta som trygt, på den andre sida som om ein blir overvaka. Å skilje seg ut er ikkje enkelt. Det betyr mykje dersom ein har nettverk og familie som bekreftar og backar deg opp.

Forord:

Då er tida komen for å avslutte dette studiet og for å takke!

Studiet «Samfunnsplanlegging og leiing» er til endes. Heile studiet har vore givande og lærerikt, men arbeidet med masteroppgåva har vore noko heilt for seg sjølv, då eg har fått fordjupa meg i noko som alltid har oppteke meg: kvinner sin rett til likeverd og kvinner sine unike og spanande livshistorie.

Sett i samanheng med sentralisering, som er ei samfunnsending og eit aktuelt tema, så synes eg dette vart ein spanande kombinasjon å utforske.

Eg vil takke vegleiaren min førsteamanuensis Margit Ystanes ved Institutt for planlegging, administrasjon og samfunnsfag ved Høgskulen i Volda, som har oppmuntra meg og kome med mange gode råd, idear og innspel frå start til slutt.

Eg vil takke dei åtte unge kvinnene som er informantane mine. Dei stilte sporty opp, sette av tid til meg og gav av seg sjølv. Eg ynskjer dei alt godt og masse lukke til vidare i livet.

Eg vil takke lokalt bibliotek som har hjelp meg med å skaffe all litteratur eg har hatt behov for, veldig rakst og greitt.

Elles så må eg takke familien, som særleg dette siste året, har sett vesentleg mindre av meg, og eg gler meg til å kunne bruke meir tid på dei. Eg vil takke dei for deira erfaringar og tilbakemeldingar langsmed.

Situasjonen sidan midten av mars har vore ganske spesiell og utfordrande grunna koronaviruset. Det har faktisk vore godt å ha eit prosjekt å halde på med.

Det finst uendelege mengder spanande teori og litteratur på dette området eg skriv om, men det får eg utforske vidare på eiga hand. No set eg sluttstrek for dette prosjektet.

Mai 2020

Randi Løseth Aasen

Innholdsliste:

Summary.....	1
Samandrag.....	3
Forord.....	5
Innholdsliste.....	6
Vedlegg, Figur- og tabelliste.....	8
Del 1: Innleiing.....	9
1.1 Presentasjon av problemstilling.....	10
1.2 Bakgrunn og kontekst.....	11
1.3 Struktur på oppgåva.....	12
1.4 Presentasjon av forskingsspørsmål.....	13
Del 2: Relevant teori og eksisterande kunnskap.....	14
2.1 Klasse.....	14
2.2 Utdanning.....	20
2.3 Kjønn.....	24
2.4 Oppsummering av teoridelen.....	30
Del 3: Metodedel med vitskapsteori og etiske utfordringar.....	32
3.1 Vitskapsteoretisk samanheng.....	32
3.2 Etske refleksjonar.....	34
3.3 Val av metode.....	37
3.3.1 Semistrukturert livsverdenintervju.....	37
3.4 Design.....	39
3.4.1 Grunngeving av design.....	39
3.4.2 Skildring av arbeidet med å samle inn data.....	40
3.5 Reliabilitet og validitet.....	42
3.6 Kort oppsummering av metodedel.....	44
Del 4: Presentasjon av empirisk datamateriale og andre kjelder...	45
4.1 Presentasjon av informantane.....	45
4.2 Klasse.....	49
4.3 Utdanning.....	53
4.4 Kjønn.....	56

4.5 Andre kjelder.....	58
Del 5: Diskusjon.....	60
5.1 Klasse.....	60
5.1.1 Kva er eit godt liv?.....	60
5.1.2 Sosial bakgrunn.....	62
5.2 Utdanning.....	65
5.2.1 Utdanningsval: tradisjonelt eller utradisjonelt.....	65
5.2.2 Påverknad frå familie og vener.....	67
5.2.3 Kan det å ta høgare utdanning endre ein?.....	68
5.3 Kjønn.....	71
5.3.1 Konformitet: tryggheit vs overvaking.....	71
5.3.2 Kven i forholdet bestemmer kvar ein skal bu?.....	73
5.3.3 Kjønnssroller.....	74
5.4 Oppsummering- med svar på forskingsspørsmål.....	79
5.4.1 Klasse.....	79
5.4.2 Utdanning.....	80
5.4.3 Kjønn.....	81
Del 6: Konklusjon og svar på problemstilling	84
Del 7: Avslutning	86
Litteraturliste.....	87

Vedlegg

Vedlegg 1: Brev til informantane.....	90
Vedlegg 2: Intervjuguide til informant med høg utdanning frå bygd som bur i by.....	92
Vedlegg 3: Intervjuguide til informant med høg utdanning frå bygd som bur i bygd.....	94
Vedlegg 4: Intervjuguide til informant med fagbrev eller utan fullført vidaregåande frå bygd som bur i by.....	96
Vedlegg 5: Intervjuguide til informant med fagbrev frå bygd som bur i bygd.....	98
Vedlegg 6: Norsk senter for forskningsdata (NSD) si vurdering.....	100

Figurliste

Figur 1: Foreldra sitt utdanningsnivå har mykje å seie, SSB	20
---	----

Tabelliste

Tabell 1: ORDC- modellen	18
Tabell 2: Oversikt over informantane si utdanning og bustad	48
Tabell 3: Oversikt over informantane sin bakgrunn	49
Tabell 4: Kva er det viktigaste i livet?- høgare utdanna	51
Tabell 5: Kva er det viktigaste i livet? Fagbrev/ ikkje fullført vidaregåande skule	51
Tabell 6: Korleis opplevde informantane å skulle velje utdanning?	54
Tabell 7: Kvinnedominert eller mannsdominert yrke	65

1. Innleiing

Tema for oppgåva er sentraliseringa og fråflyttingsproblematikken i bygde-Noreg. Fokus er bygder på Sunnmøre. Eg nyttar kvalitativ metode, og intervjuar åtte unge kvinner, som er i ferd med å etablere seg, eller skal etablere seg om ikkje lenge. Eg har informantar som er frå bygd som har flytta til by, og informantar som er frå bygd og som har valt å bli buande der. Dei har ulik sosial bakgrunn, fire av dei har høgare utdanning, medan fire har fagbrev eller ikkje fullført vidaregåande skule.

Ein person er meir enn statistikk. Det desse tenker om seg sjølve er meir enn eit tal. Eg er interessert i historia deira, og kva som ligg bak vala deira. Kven er dei? Kva bryr dei seg om? Kva tenker dei er eit god liv? Eg er ute etter krafta i historia til kvar enkelt, og prøve å forstå dei. Ettersom eg er ute etter informantane si personlege erfaring, og alle kvinner er ulike, så kan eg truleg ikkje generalisere på grunnlag av denne vesle undersøkinga, men eg kan kanskje sjå fellestrekk eller ulikskapar hos dei få informantane eg har, som er spanande å analysere i forhold til store forskarar som Pierre Bourdieu og Marianne Gullestad. Desse gir meg omgrep og eit språk for å kunne gjere ei god analyse. Samtidig har eg med statistikk, historie, biografiske og skjønnlitterære framstillingar av temaet for å få ulike perspektiv og inspirasjon til studien. Eg analyserer via tre aksar: klasse, utdanning og kjønn. I oppgåva vil ein sjå at dei ulike analytiske aksane heng tett saman. Ved å ha eit kjønnspektiv på dette komplekse temaet håper eg å kunne bidra med noko som kan hjelpe unge kvinner til å reflektere over deira rolle i dagens samfunn, og kome fram til nokre råd til politikarar og planleggarar. Eg ser gjennom analysen det betyr mykje at ungdom har positive assosiasjonar til heimbygda si, og eg ser dei ulike informantane har ulike preferansar i forhold til kva som er eit godt liv. Det er to av hovudfunna mine.

I Innleiinga presenterer eg problemstillinga og dei tre forskingsspørsmåla, og seier litt om kva eg håper kan kome utav prosjektet. Eg ser på bakgrunn og kontekst for tematikken og aktualiteten i den, og til slutt skisserer eg opp strukturen på oppgåva.

1.1 Presentasjon av problemstilling:

«Eg er veldig glad i bygda mi», seier ein av informantane som har flytta til by», «det ha vore veldig kjekt å bo nært, men eg trur ikkje det blir det.»

«Eg ville ikkje valt noko anna», seier ei anna av kvinnene som bur i bygda.

Val av utdanning og heim er store val som kan forme eit heilt liv. Vala dei unge kvinnene gjer har og konsekvensar for miljøet rundt dei og samfunnsutviklinga. Kva kan ligge bak ulike val, og er det noko som kan forklare sentraliseringa som går føre seg?

Problemstillinga eller det primære forskingsspørsmålet i oppgåva er:

Kva kan vere avgjerande for at ei kvinne vel å bli buande i heimbygda eller flyttar til ein by?

1.2 Bakgrunn og kontekst

Debatten om sentralisering er dagsaktuell. Det går knapt ei veke utan at ein les i lokale eller nasjonale aviser eller på ulike nettstader saker relatert til sentraliseringsproblematikken. I desse dagar er det skipa ei ny gruppe på Facebook som er kalla «Kvinner I Møre og Romsdal, FOR Møre og Romsdal.» Medlemmane i gruppa er kvinner i alle aldrar og med ulik bakgrunn og utdanning. Gruppa skal vere eit fora for deling av kunnskap og erfaringar, og ein stad der kvinner kan dele sine erfaringar i utvikling av samfunn og næringsliv. Eit aktuelt spørsmål for gruppa er: Korleis skal ein få fleire kvinner til å flytte til dette vakre fylket?

Statistisk sentralbyrå skriv: «Aldri før har det blitt registrert så mange flyttinger over fylkesgrensene som i 2017. Folk slo seg ned i sentrale strøk.» (SSB, 2018). Det står vidare at «Veksten...er særlig stor for kvinner.» Møre og Romsdal, som er fylket eg har gjort denne studien i, har stort innanlands flyttetap. Det flyttar fleire frå fylket enn til fylket, og utviklinga ser ut til å halde fram.

Det er ikkje berre kvinner som tek høgare utdanning som flytter frå distrikta, men også kvinner med fagbrev eller utan fullført utdanning, og då gjerne til ein storby eller omlandet til ein storby. Å etablere seg blir i «Store norske leksikon» definert som «Etablere seg, starte en forretning eller annet foretak; nedsette seg; stifte eget hjem, eventuelt med familie». (Gundersen, 2009). Etableringsfasen er den fasen i livet der ein vel å slå seg ned ein stad etter ferdig utdanning, eller i løpet av utdanninga, med eller utan familie. Det kan vere uendeleg mange variasjonar på når ein er etablert, og kan hende er det ikkje målet for alle å bli etablert heller. Eg har forska på eit lite utval kvinner, mellom 20 og 35 år som kjem frå ulike bygder på Sunnmøre. Halvparten av dei har etablert seg i heimbygda si, medan den andre halvparten har flytta til ulike byar rundt omkring i Noreg. Dei har etablert seg på kvar sin måte, nokre midlertidig, nokre ser for seg at dei er etablert der dei er permanent.

Alle har sin eigen unike historie. Det har dei unge kvinnene i oppgåva mi også. Det finst ikkje berre ein måte å gjere ting på som alle er einige om. Folk har ulike ynskjer for liva sine. Eg ynskjer å undersøke kva faktorar som ligg bak dei unge kvinnene eg har med i studien sine val av bustad og utdanning.

1.3 Struktur på oppgåva

Kort om oppbygging av oppgåva:

Kapittel 1 er Innleiinga med presentasjon av problemstilling, bakgrunn og kontekst for det eg skriv om, og kort om korleis eg har bygd opp oppgåva. Kapittel to er teoridelen.

Oppgåva krinsar kring dei tre analytiske aksane:

1. klasse
2. utdanning
3. kjønn

Teoridelen er delt i desse tre delane eller aksane der eg presenterer forskning, biografiar, skjønnlitterære verk, statistikk og anna som er relevant for oppgåva.

Kapittel 3 er Metode kapittelet. Der set eg forskingsprosjektet inn i ein vitenskapsteoretisk samanheng, eg reflekterer over etiske problemstillingar og gjer greie for metodiske val. Eg skildrar også arbeidet med innsamling av data, og kjem til slutt inn på omgrepa reabilitet og validitet sett i forhold til oppgåva mi.

I kapittel 4 presenterer eg empirien, informantane og ei anna kjelde. Kapittel 5 inneheld analysen og diskusjonen, og oppsummering av svar på kvart av forskingsspørsmåla.

Kapittel 6 inneheld konklusjonen og svar på problemstillinga. Kapittel 7 er avslutninga med moglege råd for politikarar og planleggarar.

1.4 Presentasjon av forskings spørsmål

Dei tre forskings spørsmåla er basert på kvar av dei tre delane i teorikapittelet. Målet er å finne svar på problemstillinga gjennom dei tre spørsmåla.

Forskingss spørsmåla er:

- 1. Korleis definerer unge kvinner frå ulike sosial lag eit godt liv, og opplever dei å ha valfridom til å velje kva dei vil bli og kvar dei vil bu uavhengig av familiebakgrunn?*
- 2. Kva kan påverke unge kvinner sine val, og erfarer dei at høgare utdanning kan endre deira bilte av seg sjølv og kvar dei opplever å høyre til?*
- 3. Korleis kan unge kvinner definere si eiga rolle i bygda, og likevel føle seg akseptert?*

Slik oppgåva er designa, finn eg ikkje svar som går an å generalisere til «alle» kvinner.

Enormt mange ting kan påverke vala deira. Eg er først og fremst ute etter å få deltakarane sine personlege erfaringar, utforske tankane bak ulike val, få auka forståing, og kanskje kan dette munne ut i noko ein kan reflektere over i ettertid. Eventuelle råd eg kjem med tek omsyn til i kva grad det går an eller ikkje går an å generalisere.

2.Relevant teori og eksisterande kunnskap:

Det er store miljø i Noreg både når det gjeld bygde- og regionforskning, forskning på likestilling og forskning på sosial bakgrunn, utdanning og kjønn. Her i landet har ein ført ein aktiv distriktpolitikk og Distriktssenteret (distriktssenteret.no) gir hjelp og gi råd til distriktskommunar. Senteret gav nyleg ut ein rapport kalla: «Tilflyttings- og rekrutteringsarbeid i distriktene». Rapporten omhandlar strategiar kommunane kan bruke for at folk skal flytte til dei og bli buande, med bakgrunn i demografiutviklinga som har vore i distrikta med ei aldrande befolkning. (Hatling & Ingvill Dahl, 2020). Sentralisering er ikkje noko unikt for Noreg og det er noko som har gått føre seg i mange år. I Noreg har den store bo- og flyttemotivundersøkinga blitt gjennomført i 1972 og 2008 . Resultata er blitt forska på og analysert for å forstå kva faktorar som er viktige flyttemotiv. (Aune, Langset, & Sørli, 2011). I tillegg til forskning på sentralisering og fråflytting, finst det svært mykje teori, forskning og statistikk som vedkjem alle dei tre analytiske aksane klasse, utdanning og kjønn både nasjonalt og internasjonalt. I denne studien er det dei åtte informantane si individuelle stemmer eg ynskjer å ha fokus på og løfte fram. Derfor har eg gjort eit utval av teori som er hensiktsmessig og kompatibelt med formålet for denne oppgåva. I tillegg til litteratur frå forskarar på området, har eg lete meg inspirere av skjønnlitterære og biografiske framstillingar av temaet. Dei tre aksane klasse, utdanning og kjønn heng tett saman, og ein vil sjå at noko av teorien kunne ha passa inn i alle kapitla.

2.1. Klasse

Klasse er eit omgrep vi ikkje brukar så mykje i daglegtalet, og som kan vere ei utfordring å definere. Det å ha omgrep og språk for å kunne seie noko sosial bakgrunn og sjå etter for eksempel ulike preferansar i forhold til kva som er eit godt liv er nødvendig for studien. Ein av dei meste kjende forskarane på klasse er den franske sosiologen og antropologen Pierre Bourdieu (f.1930-d.2002). Han var oppteken av «makt og sosial ulikhet» (Wilken, 2008, s. 8). I boka «Distinksjonen- En sosiologisk kritikk av dømmekraften» (Bourdieu, 1995) som kom ut i Frankrike i 1979 og bygg på forskinga hans, analyserer han smak, og viser korleis enkeltindividet sin smak heng saman med kva klasse det høyrer til og kva sosial plassering det

har. I forordet stiller redaktørane av boka spørsmålet om kva denne boka kan ha å seie for norske forhold: «Bourdieu lar Marcel Proust svare for seg med utsagnet om at jo mer egalitært et samfunn er, desto viktigere blir mekanismene for sosial differensiering.» (Bourdieu, 1995, s. 5). Det norske samfunnet framstår på mange område som egalitært. Innbyggjarane har like rettar og plikter, same kva sosiale lag ein kjem frå. I eit egalitært samfunn markerer dei ulike sosiale laga seg på andre måtar.

Eg vil presentere nokre sentrale omgrep hos Bourdieu, for å kunne nytte dei i analysen og diskusjonen av empirien.

Som han selv har sagt, skal begrepene han har utviklet, ikke så mye forstås som bestanddeler i en stor og altomfattende teori, isteden skal de forstås som ett sett tenkeredskaper, som tar form i forbindelse med empirisk forskning (Bourdieu & Wacant 1992:160) (Wilken, 2008, s. 7).

Det er desse tenkeredskapa eg er ute etter, og ved å bruke omgrepa til Pierre Bourdieu sett i samanheng med ulik empiri, så blir omgrepa utvikla. «Det er først og fremst i *Distinction* frå 1979/84 at Bourdieu introduserer en viderutviklet modell over det sosiale rom, som kan forstås som en grunnstruktur i analysen av avanserte samfunn» (Wilken, 2008, s. 54).

Gjennom ulike kapitalformer kan ein plassere grupper sosialt. Ein av kapitalane er økonomisk kapital, men det er først og fremst dei andre kapitalformene Bourdieu har konsentrert seg om. Framstillinga under er inspirert av Wilken sin tekst.

Sosial kapital kan vere at ein høyrer til ein bestemt familie eller har dei rette nettverka. I nokre samfunn er det viktig å gifte seg inni rett familie for å halde den sosial kapitalen oppe. Høg sosial kapital kan hjelpe deg å få ein god jobb. Denne kapitalen må pleiast og haldast ved like. Du kan ha høgare sosial kapital med å ha høg økonomisk kapital og kulturell kapital.

Kulturell kapital kan ein enten få gjennom å ta ei høgare utdanning, men den mest verdfulle kulturelle kapitalen er at ein har vakse opp i eit miljø med høg kulturell kapital som gir deg ein bestemt måte å vere på: eit godt ordforråd, ein bestemt sjargong, å snakke om dei rette tinga. Det gir deg meir sjølvtilit.

Dei ulike typene kapital kan vekslast inn i kvarandre, og gi fordelar på den måten.

Omgrepet habitus er brukt av fleire forskarar. Habitusomgrepet hos Bourdieu er «kroppens habitus, dens tillærte og tilvante handlemåter og tolkningsmønstre, som igjen er dannet gjennom tidlige praktisk virksomhet, særlig under oppveksten. Kroppsspråket læres slik

man lærer talespråket.» (Bourdieu, 1995, s. 23). Wilken skriv at det karakteristiske med habitus er at det er tillært, men at det har vi gløymt. (Wilken, 2008, s. 23). Habitus er ein bestemt tenke- og veremåte og kan bestemme kor ofte vi går til tannlegen, eller ikkje går til tannlegen, kva kroppshaldning vi har, om vi held oss i form, om vi drikk øl eller årgangsvin, drikk kaffi eller te m.m. Det er ulike habitusar innanfor ulike miljø eller sosiale lag. Habitus kan endrast, og det Bourdieu skriv «..., er ment som et bidrag til å forandre samfunnsforholdene, han ønsker f.eks. å bryte den reproduksjonens sirkel han påviste innenfor utdanningsvesenet.» (Bourdieu, 1995, s. 23).

I dei ulike klassene er ein avhengig av at førestillingane om seg sjølve, og at andre si førestilling av ulike klasser blir halde ved like. Smaken markerer motsetningane, og ingen smak er uskuldig i den forstand at alle klassene dreg nytte av å markere og legge vekt på og vise fram det som betyr mest for dei. Nye generasjonar blir opplært i den same smak som sine foreldre.

Eit anna omgrep i «Distinksjonen» (Bourdieu, 1995) er «konformitetsprinsippet».

I alle irettesettelsene «hvem er det hun tror hun er?», «det der er ikke noe for folk som oss») uttrykkes konformitetsprinsippet, den eneste klart uttalte normen i den folkelige smak, og hensikten er å oppmuntre en til å ta de «fornuftige» valgene som de objektive betingelsene uansett tvinger en til å ta. Men irettesettelsene inneholder i tillegg en advarsel mot ambisjonen om å skille seg ut gjennom å identifisere seg med andre grupper, det vil si at det også er en påminnelse om behovet for å vise solidaritet (Bourdieu, 1995, s. 196).

Konformitetsprinsippet gjeld for «den folkelege smak», som er arbeidarklasse og bønder- dei som blir dominert av den dominerande klasse eller borgarskapet. Mellom desse finn ein småborgarskapet. Dei lavare klassene, arbeidarklasse, bønder og småborgarskapet held kvarandre nede, dei er mindre tolerante og ikkje så opptekne av mellom anna likestilling, hevdar Bourdieu. Den franske sosiologen har forska på og funne ei mengd vanskar ein må overvinne dersom ein skal bevege seg mellom klasser.

Bourdieu (1995) har spurt folk frå dei ulike klassene kva faktorar dei trur er viktigast for å lukkast på skulen og i samfunnet. Kva sosiale faktorar har størst betydning for at ein skal kunne klare seg best mogleg? Klassene han har definert og spurt er bønder, arbeidarar, handverkarar og kjøpmenn, lavare funksjonærar og høgare funksjonærar/leiarar. Hans funn er at «Bevisstheten om virkningene av sosialt miljø er spesielt svak hos arbeidere, bønder,

håndverkere og kjøpmenn, mens vi hos funksjonærer og ledere ser at erkjennelsen av betydningen av sosialt miljø ikke utelukker en anerkjennelse av intelligensens betydning.» (Bourdieu, 1995, s. 206). Medan dei høgare klassene vektlegg både intelligens og sosialt miljø ganske likt, svarar mange fleire i dei lavare klassene intelligens framfor sosialt miljø. Kanskje seier dette noko om at dei øvre klassene er meir bevisst på korleis nettverk verkar, fordi nokre av dei sjølve erfarer korleis dei brukar nettverket sitt til å oppnå posisjonar.

Norske forskarar har teke utgangspunkt i Bourdieu si forking, og sett på det norske klassesamfunnet. «Det mest sentrale begrepet i sosiologiske studier av sosial ulikhet er klasse», skriv dei i boka «Elite og klasse i et egalitært samfunn». (Hansen, Patrick Lie Andersen, Magne Flemmen, & Jørn Ljunggren, 2019, s. 25). Klasse er eit sentralt omgrep. Det kan vere vanskeleg for oss i dag utifrå ytre forhold å definere kva klasser folk høyrer til. Korleis kan ein klassifisere på ein nøytral og god måte? Eg har teke med ein figur frå boka.

		Overklasser				
		Kultur Professorer, kulturledere, musikere, regissører, forlagsredaktører	Profesjon Leger, dommere, tannleger, politikere, sivilingeniører, psykologer	Økonomi Ledere, sjefer i privat sektor, finansmeglere. 10 % toppinntekter i «Økonomi»-fraksjonen		
		Middelklasser				
+ Kulturell kapital		Øvre kultur Lektører, bibliotekarer, journalister	Øvre profesjon Konsulenter, ingeniører, spesialsykepleiere, fysioterapeuter	Øvre økonomi Samme yrker som i økonomisk overklasse. De neste 40 % i inntektsfordelingen i «Økonomi»-fraksjonen	+ Økonomisk kapital	
		Nedre kultur Lærere, førskolelærere, sosialarbeidere	Nedre profesjon Sykepleiere, politibetjenter, førstesekretærer, kokker	Nedre økonomi Samme yrker som i økonomisk overklasse. De nederste 50 % i inntektsfordelingen i «Økonomi»-fraksjonen		
Arbeiderklasser og primærnæringer						
Faglærte arbeidere Hjelpepleiere, elektrikere, tømmere, legesekretærer						
Ufaglærte og delvis faglærte arbeidere Assistenten, rengjørere, vektere, sjåfører						
Bønder, skogsarbeidere, fiskere Større inntekt fra primærnæring enn fra lønns- og kapitalinntekt						
Velferdsoverføringer Større overføringer enn personlig inntekt						

Figur 2.1: Oslo registerklasseskjema (ORDC)

Figur 1: ORDC- modellen (Hansen, Patrick Lie Andersen, Magne Flemmen, & Jørn Ljunggren, 2019, s. 27).

Figur 1 viser ei oversikt over klasser. Denne modellen har norske forskarar utvikla basert på Bourdieu sine idear om dei ulike kapitalane. I modellen er klasser knytta til kva ein lever av og korleis ein skaffar seg eller får sitt innkome. Vertikalt ser ein klassene inndelt etter kulturell kapital, og horisontalt etter kva type ressursar ein har.

«Vi brukar tre hovedkriterier for å plassere folk i klasser: yrke, type inntekt og mengden inntekt». (Hansen, Patrick Lie Andersen, Magne Flemmen, & Jørn Ljunggren, 2019, s. 28). Til høgare opp i modellen, og til meir kulturell og økonomisk kapital ein har, til meir makt har ein i samfunnet. Dersom for mange frå lavare klasser klarar å klatre oppover samfunnsstigen og kome inni overklassen eller eliten, så blir eliten si makt svekka. Til meir makt ein har, til


meir vil ein prøve å bevare den. Det at ei klasse prøver å verne om seg sjølv blir kalla «sosial lukning» (Hansen, Patrick Lie Andersen, Magne Flemmen, & Jørn Ljunggren, 2019, s. 35) . Det kan også gjelde ulike studie som for eksempel psykologi, medisin og jus der ein set høge karakterkrav. «De som snakker om like muligheter, glemmer at sosiale spill (...) ikke er rettferdige spill.» (Bourdieu 1997/2000b:214)» (Wilken, 2008, s. 67). «Distinksjonen» kom ut i 1979, og er basert på forskning frå 60-talet. Likevel så hjelper omgrepa oss å få eit språk og eit utgangspunkt for å studere sosial ulikskap og mekanismar i samfunnet, og i kva grad makt blir utøvd i form av at ein blir halden på plass for eksempel i ein bestemt smak eller i bestemte normer, i ulike sosial lag.

2.2. Utdanning

Det har aldri før vore så mange som no som tek høgare i utdanning i Noreg. Statistisk sentralbyrå skriv at talet på dei som går på høgskule eller universitet har auka med 3000 frå 2018 til 2019. Det er i aldersgruppa mellom 19 og 24 år at auken er størst. Det er 60% kvinner som tek høgare utdanning. (Sundberg, 2020). Dei som tek høgare utdanning frå distrikta kan enten flytte for å gå på ein høgskule eller eit universitet, eller dei kan velje ein høgskule i distrikta og pendle til studiestaden, dersom dei tilbyr det studiet ein ynskjer.

Ein ser ulikheit mellom kjønna når det gjeld kva som er dei mest populære studia. Hos kvinner er det bachelor i sjukepleie, samfunnsfag og juridiske fag som er mest populært. Hos menn er det sivilingeniør, master i teknologi og bachelor i ingeniørfag som er mest populært. Det studiet som flest vel, uansett kjønn, er bachelor i økonomiske og administrative fag.

Søylene under viser at dei fleste som ikkje fullfører høgare utdanning har foreldre med grunnskuleutdanning. Til høgare utdanning minst ein av foreldra har, til større er sannsynet for at ungdommen deira fullfører høgare utdanning.



Kilde: Statistisk sentralbyrå.* Studenter som startet i høyere utdanning første gang i perioden 1.10.2007 - 30.09.2008.

Figur 1: Foreldra sitt utdanningsnivå har mykje å seie, (SSB, 2017).

Å ha fagbrev vil seie at ein «har yrkeskompetanse dokumentert med fagbrev eller svennebrev» (SSB, 2019). Flest kvinner tek fagbrev i helse og oppvekstfag eller design og handverk. Flest menn tek fagbrevet sitt i elektrofag, teknikk og industriell produksjon og bygg og annleggsteknikk. Innteksnivået blant dei som fullfører er høgast for dei utdanningsprogramma der det er flest menn, og det er også dei som oftast går vidare og tek meir utdanning. Av dei som arbeider deltid etter endt fagbrev- eller svennebrev, er det flest kvinner. (SSB, 2018). Det står om mobilitet blant personer med fag- eller svennebrev at: «Vestlandet og Nord-Norge er de to landsdelene som avgir flere fagutdannede enn de mottar og sitter igjen med henholdvis 4 og 3 prosent færre fagutdannede enn de selv utdannet» (SSB, 2019). Vi ser her at det er mobilitet også i gruppa som tar fagbrev, og at det er kjønnsforskjellar på vegen vidare: Etter fagbrevet er det flest menn som tar vidare og høgare utdanning.

Forfattaren Karin Sveen (f. 1948-) vaks opp i etterkrigstida då ungdom frå arbeidarklassen for første gong fekk høve til å gå på høgskule og universitet. Ho skriv blant anna om å skulle passe inn i nye sosial nettverk, og kva det kan by på av utfordringar. Ho skriv om å velje livsstil, og ho stiller spørsmålet ved kva som etter kvart er «heime». Det vart aldri omsnakka heime at dei kom frå arbeidarklasse, men ho fekk merke utfordringane ved å reise mellom klasser då ho tok utdanning (Sveen, 2018, s. 7). Etter ho tok utdanning vart ho som ein framand i begge leirane. Det vart eit sjokk å vere i eit anna miljø ved universitetet. Heime på Hamar vart det ikkje omsnakka at Sveen valde forfattaryrket. Kanskje vart ikkje det å vere forfattar rekna som eit «skikkeleg» yrke. Sveen fortel om ein bokhandel i Hamar, der ho brukte å gå. Ingen i heile byen visste at han som stod bak kassaapparatet i bokhandelen var den kjende forfattaren Rolf Jacobsen.

Ho har registrert at ho kanskje reflekterer meir over dette enn andre som har gått same vegen som henne, og yngre folk ser ikkje ut til å ha same utfordringane som ho har hatt med si klassereise. Folk lagar seg sine eigne forteljingar om sine liv, og folk kan høyre til fleire stader no for tida, ikkje berre ein stad. Ho åtvarar mot «glansbiletet» av ei klassereise. Det kan høyrast ut som om alt skal bli så mykje betre om ein kjem seg «opp og fram», og dei som ikkje gjer det, blir kanskje sett på som mindre verdt? Uansett om ein har gått den formelle utdanningsstigen, så vil bakgrunnen skine igjennom. «Fortellingen prøver uansett å samle identitetens tråder opp, forbinde dem med framtidens løse ende, og i sentrum av dette «tilbake og fram» skape et til-blivende sted for livet i samtiden.» (Sveen, 2018, s. 24). Ved å ta utdanning får vi ein annan kulturell kapital, men vi ber likevel alltid med oss fortida.

Kva med dei som er sjøvlærte, får dei same sosiale status og auka kulturell kapital som dei som har gått gradene i det formelle utdanningssystemet?

Ettersom de selvlærte ikke har ervervet kulturen i henhold til den legitime orden som skolesystemet innstifter, dømmes de til uavlatelig å avsløre det tilfeldige ved sine klassifiseringer og derigjennom sine kunnskaper, og de avslører seg nettopp gjennom sin bekymring for å gjøre feil. Kunnskapene blir som perler på en snor, de er ervervet gjennom en egenartet læring, uten kjennskap til de institusjonaliserte og standardiserte etappene og hindringene, til studieprogrammene og læreplanene som gjør skolemessig kultur til en hierarkisk og hierarkiserende helhet av kunnskaper som viser til hverandre.» (Bourdieu, 1995, s. 143).

Det gir ikkje den same kulturelle kapitalen å vere sjøvlært, ifølge Bourdieu. Dette er kanskje endå viktigare i dag, enn det var då Bourdieu gjorde studien sin. Ikkje for å klatre i det sosiale hierarkiet, men for i det heile teke å få seg ein jobb.

I boka «Noe tapt og noe vunnet» skildrar Tara Westover oppveksten sin i ein mormonarfamilie i Idaho, USA. Det var ein ganske uvanleg oppvekst, med spesielle reglar dei ha laga seg å leve etter. Blant anna fekk dei ikkje gå til lege, men behandla kvarandre med urter. Familien hadde «heimeskule», det vil seie barna lærte det foreldra ville dei skulle lære eller ikkje lære, og utifrå foreldra si forståing av verda. Westover hadde eit enormt behov for å lære, og tok til på skule på eige initiativ då ho vart eldre. Ho fekk etter kvart stipend til å gå på både Harvard og Cambridge. Ho studerte blant anna kunsthistorie, og ein gong i forelesingssalen hørde ho ordet «holocaust». Ho retta opp handa, og spurde kva ordet betydde. Alle vart heilt stille, og eit sinne vart retta mot henne då dei trudde ho prøvde å spørje om noko så alvorleg. Westover skriv at etter kvart som åra gjekk, og ho fekk meir og meir kunnskap, så forandra utdanninga henne så mykje, at ho ha problem med å møte familien heime. I ei periode levde ho som to personar heilt til den avgjerande augeblinken:

Den kvelden kalte eg på henne, men hun svarte ikke. Hun forlot meg. Hun ble i speilet. Avgjørelsene jeg tok etter det øyeblikket, var ikke avgjørelser hun ville tatt. Det var valgene til et forandret menneske, et nytt jeg. Denne dannelsen av jeget kalles mange ting. Forvandling. Metamorfose. Løgn. Svik. Jeg kaller det en utdannelse. (Westover, 2019, s. 367).

Westover makta å frigjere seg frå det usunne og farlege livet saman med familien sin. Det å miste fellesskapet sitt har dramatiske og opprivande konsekvensar, men ho var ikkje lenger

den ho var, og ho følte ho ikkje høyrde til saman med familien lenger. Dette er ei ekstrem historie, men kanskje vi kan sjå det same i mindre skala blant andre som tek høgare utdanning. Dette eksempelet kan også hjelpe oss til å forstå den spaltinga av livsverda som ei klassereise i Noreg også kan innebere, sjølv om moglegheitene for heimeskule kan gi meir ekstreme utslag i USA.

2.3. Kjønn

Kvinnerolla har endra seg mykje over tid. På 1950-talet vaks husmoridealet fram, der kvinna styrte og stelte heime, ikkje hadde noko løna arbeid utanfor heimen, men fekk det ho behøvde av mannen. Det vart starta opp Husmorforbund og husmorskular, og rolla ei kvinne skulle ha vart skildra i bøker og blad. Mannen kunne delta i husarbeidet med å passe barna når han hadde tid og lyst. På den måten vart kvinna den som hadde hovudansvaret for at heimen fungerte på ein god måte. «Gjennom å hevde at kvinna var viktigast for at ekteskapet og heimen var harmonisk fekk kvinna det moralske ansvaret for at familien fungerte bra.» (Danielsen, Husmorhistorier, 2002, s. 150) Husmødrer vart sett på som lite attraktive med forklea sine og plagg på hovudet. «Det var ei utbreidd oppfatning av mange kvinner, og kanskje særleg husmødrer var ramma av frigiditet.» (Danielsen, Husmorhistorier, 2002, s. 72). Alt var meir tabu, og ein budde gjerne trongt og delte gjerne soverom med barna. I tillegg hadde mange kvinner redsla for å bli gravid og få endå fleire barn. Det var hennar kropp som måtte igjennom graviditetane, og som måtte stelle og mate barna. I forhold til borna ha kvinna ei anna rolle enn i dag. Borna skulle sjåast men ikkje høyrast. Den perfekte husmor gav opp livet sitt for familien sin. Sjølv sagt var her variasjonar, alt etter klasse og næringar, og kanskje var det til dels annleis på bygda med gardslivet, men hovudansvaret for hus og heim låg på kvinna. Husmorrolla vart etter kvart sterkt kritisert av mange bl.a. Simone Beauvoir som hevda at ein ikkje blir født husmor, men blir sosialisert inni rolla. (Danielsen, Eirinn Larsen, & Ingeborg W. Ovesen, Norsk likestillingshistorie 1814-2013, 2014, s. 301). I dag tenker ein kanskje at dette var ei anna tid, og at ein ikkje har det sånn no, men kjønnsroller og forventingar til kjønn kan gå i arv.

På 80-talet gjorde Marianne Gullestad ein studie av unge, gifte kvinner i eit norsk bysamfunn. Ho forska på forma og innhaldet i liva deira, og korleis dei fann sin identitet. Ho skriv at sjølv om Noreg er eit samfunn med ein egalitær ideologi, så er folk rangert. Dei ulike kulturane forstår lite av kvarandre. Nokre grupper er betre stilt enn andre, og forstår lite om dei verre stilt og omvendt. Det er også meir variasjon i kultur enn nordmenn veit om, hevdar ho. Boka hennar «Kitchen-Table Society» vart gitt ut på 1984, og er over tretti år, men der er likevel mange interessante aspekt ved den. Boka handlar ikkje, slik som ein god del anna «kvinneforskning» om maktforholda mellom menn og kvinner, men er ein studie av kvardagslivet og heimar til kvinner frå arbeidarklassen. Gullestad (1984) har følgd

informantane sine på mange arenaer i liva deira; heime, på arbeid, på diskotek og i andre sosiale settingar, gjerne på besøk til kvarandre på dagtid, rundt kjøkkenbordet heime og med barna leikande på rommet sitt. Ho ser også på korleis ulike domene eller område i livet deira kan påverke andre område, og korleis dei ulike domena kan støtte opp om kvarandre. For eksempel er det viktig med vennsksapsrelasjonane for at det skal fungere på andre område i livet. Meiningar og stadfesting frå venner og samboar eller ektemann tel for dei. Nokre kvinner har store nettverk, er midtpunkt i nettverket, og finn lett fleire nettverk, medan andre er meir perifere i sitt nettverk eller har små nettverk. «Hierarchy or conflict is expressed by their feelings of being threatened by social mobility in both directions. (Gullestad, 1984, s. 83). Sosial mobilitet kan skje ved at ein sjølv klatrar høgare på stigen, eller at andre klatrar forbi deg. Eit tredje alternativ er at ein av ulike årsaker fell lenger nedover i hierarkiet. Informantane til Gullestad ser på seg sjølv som vanlege respektable folk, og dei har spesielle kategoriar og stereotypiar på «overklasse» (f.eks. forretningsfolk) og «øvre middelklasse» (f.eks. sosialarbeidarar, lærarar og studentar). Her er vi inne på klasse i den delen av oppgåva der eg eigentleg fokuserer på kjønn, men eg tek det med her likevel. Dei ulike analytiske aksane i oppgåva heng tett saman.

Alle kvinnene som Gullestad (1984) har forska på, har i løpet av perioden hatt ei eller anna form for lønna arbeid. På 80-talet var arbeidsmarkedet meir delt enn det er no, og dei fleste kvinnene som var yrkesaktive hadde ufaglærte og lavtløna jobbar. Det var lettare for kvinner som budde i storbyane å finne seg betalt arbeid. I Bergen, Oslo og Trondheim hadde 71% av kvinnene ei eller anna form for løna arbeid, skriv Gullestad. (Gullestad, 1984, s. 177).

Kvinnene fekk barn tidlegare enn no, og det var oftast dei som passa barna når dei var små. Derfor påverka det karrieren til kvinnene. Tendensen i studien Gullestad (1984) viser til her, er at deltakinga til kvinner i arbeidslivet var aukande. Det var forskjell på livet til kvinnene frå bygda, og kvinner i byen. Kvinner i byen hadde ofte kontorarbeid som deira første jobb, medan kvinnene på bygda jobba kanskje i industrien eller var hushjelp. Etter at dei ha fått barn, var den vanlegaste vegen inn i arbeidslivet igjen, å ha ein deltids vaskejobb. Her fanst også eit slags hierarki, ved at ein kanskje også kunne bli kontorhjelp eller hjelpepleier, som var høgare på stigen. Der var ulikskapar i både prestisje med kva jobb dei fekk seg, og i kva grad ein ha kjensla av å få realisere seg sjølv i ein jobb. Det kvinnene i studien hennar har til felles er at dei har lite utdanning og ikkje for store ulikskapar i inntekt og forbruk. Dersom ein familie får høgare inntekt, så flyttar dei kanskje til eit finare strøk. Det er større ulikskapar i inntektsnivået mellom klasser, enn mellom menn og kvinner i dette sosiale sjiktet. Det å ha

familie og slekt i same by, eller ikkje så langt unna gir styrke, i forhold til dei kvinnene som er tilflyttarar. Årsaka til at nokon flyttar er kanskje at dei har dårlege minner frå sin oppveksten sin. Dei har kanskje ikkje lyst til å bu nært staden dei vaks opp, skriv Gullestad (1984).

Begge kjønn ynskjer å vere anstendige, vanlege folk, men dette har ulik tyding for menn og kvinner i samfunnet hevdar Gullestad (1984). Ho hevdar at «god moral» ikkje definerer menn på same måten som kvinner, og at menn derfor ikkje føler den same behovet for å snakke om dette som kvinner. (Gullestad, 1984, s. 328). Det er fleire krav og forventingar til kvinner med omsyn til for eksempel handlingar, haldningar og verdiar, derfor har ein større behov for å snakke ilag for å få stadfesting eller eventuelt korrigeringar. Dette gjekk tidlegare føre seg rundt kjøkkenbordet i dei ulike heimane. Heimen er viktig og Gullestad (1984) skriv at dei fleste nordmenn ynskjer ein fin heim, men kva ein fin heim er varierer etter situasjon og kontekst. Dei ulike gruppene i samfunnet har sine kriterium, der ein på same måten som med «god moral» justerer seg inn i forhold til kvarandre for å bli akseptert. Det har skjedd store samfunnsendingar sidan Gullestad si bok kom ut, og mange forskarar har studert på kva «heim» er, og kva det betyr i dag. Er det ein trygg tilhaldsplass, eller er det ein plass ein føler seg under kontroll og styrt? Er det forbunde med fred og ro, eller er det ein stad ein blir vurdert og målt? Broch (2020) skriv om

...de store åpne vinduene plassert nært gateplan, som setter sitt preg flere steder i Nederland, med en særegen invitasjon til å kikke inn....Slik blir hjemmet både innvendig og utvendig kjønnnet. Kvinner dekorerer og åpner for andre kvinners innsyn og vurdering. (s.11).

Vi ser same fenomenet i vårt samfunn der vi viser fram heimen vår på sosiale media. Vi bloggar og legg ut bilete av oppussingsprosjekt eller god mat vi lagar.

Heimen treng ikkje berre vere huset vårt, men kan utvidast til å gjelde nabolaget og bygda, eller skogen og fjellet rundt heimen. Heim kan vere så mykje for ulike menneske. I vår digitale tidsalder, treng ikkje avstand vere eit hinder for å ha tett kontakt med familie. Dersom tett kontakt med familie er eit kriterie for heim, så kan synet på kva som er heim vere endra med samfunnsutviklinga.

Noreg var eit av dei første landa i verda der kvinner fekk full stemmerett på lik linje med menn. «Norsk likestillingshistorie 1814-2013» vart utgitt som ein del av hundreårsfeiringa av stemmeretten. I perioden frå 1960 til 1990 endra Noreg seg frå å vere kjønnskonservativt, til å bli meir likestilt. «Utdanningsekspløsjonen i etterkrigstida bidro til sosial mobilitet og

inkludering i det norske samfunnet, både med hensyn til kjønn og klasse.» (Danielsen, Eirinn Larsen, & Ingeborg W. Ovesen, Norsk likestillingshistorie 1814-2013, 2014, s. 281). Her viser Danielsen til Gullestad. Statens Lånekasse for utdanning vart oppretta, og det gav fleire sjansen til å ta utdanning, ikkje minst dei som ikkje ha familiar som kunne bidra med økonomisk støtte. Fleire kvinner tok utdanning, og fleire ha lyst til å bruke utdanninga si, og ikkje vere heimeverande husmødrer, som ha vore det store idealet lenge. I 1969 vart det innført niårig grunnskule. Fleire, både jenter og gutar, gjekk vidare til gymnasen, men valde ganske tradisjonelt. «Kvinner valgte altså utdanninger som kvalifiserte dem til å drive med tradisjonelt kvinnelig definerte sysler. Menn var i overveldende flertall på sjømannsskoler, landbruksskoler, og på distriktshøyskoler med kortere utdanning innen økonomi, administrasjon og ingeniøryrket.» (Danielsen, Eirinn Larsen, & Ingeborg W. Ovesen, Norsk likestillingshistorie 1814-2013, 2014, s. 281).

Mønsterplanen for grunnskulen som kom i 1974, ha eit ambisiøst mål:

En forutsetning for reell likestilling mellom kjønnene er økonomisk uavhengighet. Skolen må derfor venne elevene til at det skal være en selvfølge at jenter og gutter får like god yrkesutdanning. Den må aktivt prøve å motvirke at yrkesvalg domineres av kjønnsstradisjoner og hjelpe den enkelte elev til å realisere sine evner og muligheter uansett kjønn. (Danielsen, Eirinn Larsen, & Ingeborg W. Ovesen, Norsk likestillingshistorie 1814-2013, 2014, s. 282) .

Kanskje ha det verknad, for frå 1960 der det var 20% kvinner som utdanna seg ved universiteta, til 1970 hadde talet vakse til 30%. I 1984 var det fleire jente enn gutar som tok høgare utdanning. På mange måtar heldt kjønnsrollene seg, i og med at kvinner og menn valde tradisjonelt, på den andre sida var det aukande talet på kvinnelege studentar med å snu om på kjønnsrollene, fordi fleire fekk lønna arbeid utanfor heimen. No er kvinneandelen av studentar på høgare utdanning 61% (Sundberg, 2020). Noreg har på mange måtar vore eit føregangsland når det gjeld likestilling, bl.a. med første kvinnelege statsminister og fleire kvinnelege regjeringsmedlemmar. Vi har likestilling i Noreg i dag på nokre område. På andre område har vi det ikkje for eksempel innan enkelte utdanningsretningar og i forhold til næringslivet og kvinnelege leiarar. (Danielsen, Eirinn Larsen, & Ingeborg W. Ovesen, Norsk likestillingshistorie 1814-2013, 2014, s. 360). Der kjem kjønnsforskjellane tydeleg fram.

Teoriar om interseksjonalitet er ei hjelp til å binde saman ulike perspektiv. Interseksjonalitet kjem opprinneleg frå svart feminisme i USA, og voks fram som ein reaksjon på korleis

rasisme gjorde at afro-amerikanske og kvite kvinner vart diskriminert på ulike måtar.

«Intersection» betyr vegkryss på norsk, og interseksjonalitet handlar om å studere korleis ulike diskrimineringsgrunnlag, for eksempel rase, kjønn, klasse, funksjonshemming kryssar kvarandre og verkar saman. Dersom ein fokuserer på kjønn, så finn ein ut kva det har med klasse å gjere, eller dersom ein fokuserer på klasse, så finn ein ut kva kjønn har med det å gjere. Kathy Davies har skrivt om forskaren Carol Gilligan i artikkelen «In A Different Voice» (Davies, 1992). Gilligan si forskning om kjønnsforskjellar fekk stor merksemd. Den vekte både heider og harme. Psykologen Lawrence Kohlberg, som var Gilligan sin mentor, forska på moralsk utvikling, og fann ut at jenter og gutar har ulik moralsk utvikling. Basert på si eiga forskning oppdaga Gilligan noko anna:

Where Kohlberg found girls unable to think systematically about moral truths or act decisively when faced with moral problems, Gilligan discovered a “different voice”, that is women employ different forms of moral reasoning and reach moral judgements along different paths than their male counterparts. Based on a series of studies on how women tackle moral dilemmas, Gilligan proposes an ethic of care and responsibility as an alternative moral perspective to Kohlberg’s ethic of justice. The problem is shifted at the same time from female indecisiveness in moral matters to Kohlberg’s universalistic pretensions regarding moral psychology. (Davies, 1992, s. 219)

Gilligan set fingeren på eit sentralt spørsmål: er der ulikheit på kjønna, og kva har det eventuelt å seie for kampen mot ulikheit? Davies viser i artikkelen korleis diskusjonen og retorikken rundt Gilligan sin studie har gått i sirkel, gjenteke seg sjølv og vore lite fruktbar.

Kanskje var det ho tolka som omsorg og ansvarsfølelse hos kvinner, teikn på undertrykkinga kvinner har vore utsatt for i alle år, meinte nokon. Det er ikkje berre forskarar som har engasjert seg i denne debatten. «Whitin feminist scholarship, science and politics go hand in hand» skriv Davies. (Davies, 1992, s. 225). Likestilling er også politikk.

Kathy Davies meiner at retorikken og debatten til både forskarar, feministar og politikarar har hamna på eit lite produktivt sidespor. Først må ein innsjå at der er mykje innan den feministiske teorien ein kanskje berre må akseptere utan å klare å forstå. Ein må vere glad for kompleksiteten og ikkje prøve å forenkle. For det andre så må vi vere litt sjølvkritiske og granske oss sjølve og standpunkta vi har. For det tredje så er der ofte gode grunnar til å ta eit standpunkt, sjølv om der kanskje ikkje er noko endeleg løysing.

Gilligan ser på kjønn, omsorg og moral i forskinga si. Kathy Davies skriv at ein må sjå alle perspektiva i samanheng med kvarandre, ein må stille det andre spørsmålet. Dersom ein fokuserer på kjønn, kva har det med omsorg å gjere, eller kva har kjønn med moral å gjere. Ho har ei interseksjonell tilnærming. Det same gjer eg i denne studien gjennom dei tre aksane klasse, utdanning og kjønn, og ser på korleis dei i eit samspel kan påverke kvinner sine val.

2.4 Oppsummering av teoridelen.

Samfunnshierarki er komplekse, og det er ikkje mogleg å berre snakke om kvinner som om det er ein universell kategori, ein må også ta omsyn til klasse og andre relevante variablar for det ein undersøker. Eit sentralt verk i den første teoridelen er «Distinksjonen» (Bourdieu, 1995) ei bok av den franske sosiologen og antropologen Pierre Bourdieu. Eg har teke føre meg nokre av Bourdieu sine omgrep. Eg skildrar dei ulike kapitalane: kulturell kapital og sosial kapital. Ulike klasser utviklar ulike Habitus, som er ein tenkje- og veremåte. Habitus kan endrast etter miljø ein er i. I mellom klasser kan der vere mekanismar som gjer at ein ikkje slepp inn, eller føler seg mindre verd dersom ein klatrar på stigen til ei høgare klasse, i alle fall dersom ein ikkje går dei formelle vegane. Eg tek også med ei gruppe norske forskarar si tolking av Bourdieu, og viser ein klassemodell. Innanfor ei klasse kan ein prøve å halde kvarandre i sjakk, for eksempel gjennom «konformitetsprinsippet». Det Bourdieu seier om konformitetsprinsippet kan også knyttast til kjønn gjennom fokus på moral og omsorgsoppgåver. Desse omgrepa blir eit verktøy eg kan bruke inn mot empirien. For eksempel kan eg prøve å finne ut om der er ulike tenkjemåtar eller preferansar i forhold til kva ein verdsett i livet utifrå sosial bakgrunn.

Det har aldri før vore så mange som tek høgare utdanning, og det er mange fleire kvinner som tek høgare utdanning enn menn. Av talmaterialet eg har med i kapittelet, som stort sett er frå Statistisk sentralbyrå, ser vi at dei unge sin heimebakgrunn viser att. Til høgare utdanning foreldra dine har, til meir sannsynleg er det at du fullfører ei høgare utdanning. Vi ser av Sveen (2018) og Westover (2019) sine historiar, at det å ta utdanning har endra dei og påverka dei i ganske stor grad. Sveen si historie er tilbake i tid, i tida etter 2. verdskrig der fleire fekk høve til å ta høgare utdanning, og ho skildrar vanskane ho har opplevd med å reise mellom klasser. Westover si historie er ganske ny, og skildrar korleis utdanninga har påverka henne. Utdanninga har vore ein prosess ho har vore igjennom. Dette er interessant å sjå i samband med tankar informantane mine har gjort seg når dei valde utdanning, og om at utdanning kan endre ein eller ikkje, om enn i mindre skala enn i denne historia.

Eg skildrar husmorrollen for å ha eit grunnlag for å sjå korleis kvinnerolla har utvikla seg over tid. Ein kan sjå Bourdieu sitt habitus-omgrep i samanheng med Simone Beauvoir sitt meining om at «man fødes ikke som kvinne, man blir det.» (Danielsen, Eirinn Larsen, & Ingeborg W. Ovesen, Norsk likestillingshistorie 1814-2013, 2014, s. 301). Eg skal prøve å finne ut kva dette med kjønnsroller har å seie for unge kvinner, og om dette er annleis i by enn i bygd.

Gullestad (1984) er sentral på sitt forskingsfelt, både nasjonalt og internasjonalt. Det har skjedd store endringar i samfunnet sidan «Kitchen-Table Society kom ut for 36 år sidan. Likevel er det eit viktig verk. Ho har forska på kvardagslivet til unge kvinner og korleis dei utforma heimen sin, og sett viktigheita av å sjå det store i det små. Det hjelper oss å forske på og tolke kva som er «heim» i dag. Dette er relevant i forhold til sentralisering og kvar ein vel å busette seg.

Kvinner har oppnådd likestilling på mange område i samfunnet, og Noreg har på mange måtar vore eit føregangsland. Ein del av likestillinga har kome av ei samfunnsutvikling som likevel går føre seg. Skulesystemet skal arbeide for at elevane skal velje retning og utdanning uavhengig av kjønn og talet på kvinner som tek høgare utdanning har auka.

Forsking og politikk går hand i hand, og forskarar og politikarar kan ha ulike meiningar, og feministane består av fleire grupperingar med ulike meiningar. Kathy Davies (1992) viser korleis det å sjå på samanhengar er viktig. Klasse heng saman med kjønn, det er ulike forventingar til kjønn i ulike sosiale lag av folket. Kjønn heng saman med utdanning. Det er flest kvinner som tek høgare utdanning, men kjønn kan bestemme kva utdanning du vel. Vi har på mange område i det norske samfunnet mangel på likestilling, og det er historisk sett spesielle forventningar til kvinner, som igjen kan leie til mekanismar for å halde kvarandre «i sjakk». Eg ynskjer å undersøke korleis kvinner frå små stader opplevde oppveksten sin i bygda, og om dette har noko å seie for kva dei tenker om og assosierer med bygda i dag.

Store livsval der du vel kvar du skal bu eller kva du vel å bli har ein kompleks bakgrunn som ikkje kan løysast med enkle svar og mekanismar.

3. Metodedel med vitenskapsteori og etiske utfordringer:

I metodedelen tek eg føre meg kva vitenskapsteoretisk samanheng eg ser studien i, eg gjer meg etiske refleksjonar i forhold til arbeidet eg har gjort og i møte med informantane. Vidare gjer eg greie for dei metodiske vala, design og grunngeving av designet eg har brukt. Eg gir ei kort skildring av arbeidet med å samle inn data, og til slutt ser eg på reabilitet og validitet.

3.1. Vitenskapsteoretisk samanheng:

I denne studien er det viktig å møte folk der dei er, og prøve å forstå deira livsverd utifrå deira ståstad og kontekst. Samtidig må ein reflektere over si eiga rolle som forskar. I denne samanhengen har Skjervheim vore ein viktig bidragsytar til vitenskapsteorien og arbeida hans er relevante å trekke inn. Det er også relevant å ta med litt om hans historie og bakgrunn som har vore med på å forme det synet han har hatt på forskning. Hans Skjervheim (1926-1999) var ein norsk filosof fødd og oppvaksen i ei lita bygd som heiter Myrkdalen på Vestlandet. Livet hans er skildra i biografien «Hans Skjervheim- ein intellektuell biografi» (Sørbø, 2002). Han vaks opp på gard og var odelsgut, men valde å ikkje ta over garden til fordel for vidare studiar og ei akademisk karriere. Året før han tok til å studere var han i Tysklandsbrigaden. Å vere i Tyskland rett etter krigen gjorde sterkt inntrykk på han. Skjervheim skreiv to artiklar til «Bergens Arbeidarblad» der han intervjuar tyske innbyggjarar, og fekk tyske inntrykk og synspunkt om krigen. Sjølv om dette var rett etter krigen og ei kjensleladd tid, så let han tyskarane kome med sine meiningar utan å motseie dei. Han ville fortelje korleis verda såg ut «frå den andre sida». Skjervheim meinte det var viktig å kunne forstå, for å kunne forhindre det skjedde noko liknande igjen. Dette påverka han truleg seinare i forhold til kva ansvar ein har som forskar. Dette at han kunne snakke med alle, både høg og lav, og interessa for folk, kjenneteikna han heile livet.

I boka «Deltakar og tilskodar og andre essays» frå 1996 gir Skjervheim uttrykk for at han ikkje trur på at ei vitenskapeleg tilnærming kan vere «verdifri». Klarer er ein å vere heilt objektiv når ein psykologiserer og rubriserer svara til objekta sine, spør han? Gjennom forskinga si eller gjennom å vere for eksempel psykolog, så blir forskaren del av det ho

forskar på, eller psykologen ein del av klienten sin (Skjervheim, 1996, s. 87). Ein kan ikkje objektivere seg sjølv eller den lyttar til- då klarer ein ikkje å ta den andre på alvor slik ein burde. Skjervheim er planta i hermeneutikken: Vi forstår oss sjølve og vi forstår andre gjennom oss sjølve. Å forstå er å revidere si eiga førforståing, vi må vere mottakelege og opne for det vi blir presentert for. Som forskar er eg deltakar i forkinga mi. Informantane mine ser eg på som subjekt. I djupneintervjua mine tolkar eg utsegner som allereie er tolka av subjektet, og eg prøver å finne ut av deira intensjonar. Når eg forskar grip eg meir eller mindre inn i deira liv, gjennom at dei tek til å reflektere og stille spørsmål om seg sjølve, eller kjem på ting som dei har gløymt, eller ser ting i nytt lys og nye samanhengar. Derfor må spørsmåla vere godt gjennomtenkt. Forskarar har blitt meir klar over at minner og det å huske er ein sosial aktivitet. «De sier det har skjedd “a shift from a predominant concern with individual memory, as process or content, to a consideration of remembering and forgetting as inherently social activities” (Edwards og Middleton 1990:1).” (Eide, 2005, s. 27). Alle lagar seg ei historie eller eit narrativ om sitt liv som dei kan leve med, og det å ta til å stille spørsmål ved det, og kanskje produsere ei anna i historie i samspel med informanten som denne ikkje er komfortabel med skal ein vere forsiktig med.

Ein forskar må vere bevisst si eiga forforståing og sin eigen bakgrunn. Etter å ha lese Skjervheim (Skjervheim, 1996), og før eg tok til å jobbe med studien har eg tenkt at det han skriv er sjølvsagt, men eg møtte meg sjølv i døra og oppdaga gjennom prosessen med oppgåva at eg og har fordommar. Det at eg hadde menneske framfor meg som delte si livsverd med meg gjorde det meir krevjande, og eg måtte reflektere over mitt syn på utdanning. Det at eg jobbar med utdanning gjer kanskje at eg verdset utdanning ekstra høgt, og både mi ubevisste haldning og det at nokre av informantane kanskje veit at eg jobbar med utdanning, kan ha påverka svara frå dei av informantane som kjenner til dette.

Aldersforskjellen kan ha påverka svara dei gir då dei kanskje ikkje fortel like mykje til ei voksen dame på alder med foreldra deira, som dei ha fortalt jamaldra, og kanskje ha ein mann fått andre svar enn meg. Dette er noko av det som kan ha påverka studien.

3.2 Ethiske refleksjonar

Intervjusituasjonen er ein spesiell situasjon der åtte informantar opnar seg for meg og fortel frå livet sitt. Ein av informantane mine sa at mange av spørsmåla eg stilte hadde ho aldri tenkt over før. Det same inntrykket fekk eg då eg intervjuar dei to søstrene.

Det var ikkje planlagt at studien har to søstre som informantar. Eg hadde ein intervjuavtale med ei ung kvinne på arbeidsplassen hennar. Etter intervjuet spurde eg om ho visste om nokon med fagbrev eller kort utdanning som budde i by. Då føreslo ho søstera som akkurat den dagen var i området. Søstra ville gjerne vere med på intervju. Kvinna eg nettopp ha intervjuar sat i rommet under neste intervjuet, men ho sat for seg sjølv og var opptatt med sitt. Dette spurde eg om var greit for ho som vart intervjuar og ho bekrefta det. Då intervjuet var ferdig, kommenterte eg at dei hadde veldig ulike svar og at det var interessant. Det vart ein liten samtale utav det, der den eine kommenterte litt meir på eitt av spørsmåla. Det verka som om dei ikkje snakka med kvarandre om desse tinga eg spurde om i dagleglivet.

Spørsmåla om bakgrunn til foreldra, utdanning og likestilling har fått meg til å tenke over om informantane kunne få negative tankar etter intervjuar mine, dersom dei skulle ha kompleks for bakgrunn og eller vere ukomfortable med val dei har gjort. Det står ordet «arbeidarklasse» i intervjuguiden min. Det var enkelt å skrive det, men eg har aldri brukt det ordet i intervjuar. Eg spør om eg kan få vite kva foreldra jobbar med, og om eg kan få vite om foreldra har ei utdanning. Eine informanten min seier då eg spør om bakgrunn: «*Det gjer meg ingenting å seie at foreldra mine ikkje har utdanning, for andre kan prøve å skjule det.*» Eg ana ei sårheit, ikkje berre hos henne men hos andre også når vi var inne på foreldra sin bakgrunn, og eg trur at i den augneblinken dei fekk det spørsmålet tenkte dei seg korleis eg ville bruke svaret. Ein skal trå varsamt og eg håper eg har behandla dei rettferdig i intervjusituasjonen og i analysen av oppgåva. I etterkant har eg i den grad det er mogleg forsikra meg om at dei syntest det var ein grei situasjon å bli intervjuar. Dersom det skulle bli konsekvensar av intervjuar mine på kort eller lang sikt, så har eg ikkje kontroll på det.

En intervjuundersøkelse er en moralsk undersøkelse. Det er knyttet moralske spørsmål både til intervjuundersøkelsens midler og til dens mål. Det menneskelige samspill i intervjuet påvirker intervjupersonene, og kunnskapen som produseres i intervjuet,

påvirker vårt syn på menneskets situasjon. Intervjuforskningen er derfor fylt med moralske og etiske spørsmål (Kvale & Brinkmann, 2018, s. 95).

Kvale og Brinkmann understrekar også at «Samfunnsforskning bør tjene vitenskapelige og menneskelige interesser.» (Kvale & Brinkmann, 2018, s. 96). Fordi temaet eg belyser er såpass aktuelt kan noko av det studien vil vise vere aktuelt for andre.

I studien er informantane anonymisert og eg brukar pseudonym. Sitat er omskrivne dersom informantane står i fare for å bli gjenkjent i oppgåva. Etter analysen og oppgåva er ferdig skriven bli intervjuar makulert. Informantane veit at dei når som helst kan trekke svara sine dersom dei skulle ombestemme seg med omsyn til å vere med på studien. I «Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi» (De nasjonale forskningsetiske komitèene, 2016) står det under B: «Hensyn til personer» punkt 12. om ansvaret for å unngå alvorleg skade. Det inneber og psykiske påkjenningar. Eg har tenkt godt over kven eg har spurt om å vere informantar. I samband med dei ukjende informantane kunne eg ikkje gjere den vurderinga, men eg har heller ikkje grave djupt under intervjuar. Eg ynskjer det skal vere ein god situasjon for dei.

Å gjere dårleg forskingsarbeid er uetisk. For at det skal bli god kvalitet på oppgåva har jobba eg lenge med å få tak i dei informantane som eg tenkte eg måtte ha, og for at alt i samband med intervjuar skal vere gjort skikkeleg. Til kvar informantgruppe høyrer ein eigen intervjuguide. På den måten unngår ein at nokre av spørsmåla kan verke framandgjerande ved at dei ikkje passar direkte på den eg snakkar med, og spørsmåla viser mi forståing for deira perspektiv og livsverden. Då er det lettare å skape den tilliten ein treng for ein open og god samtale.

Kvale og Brinkmann skriv at «De etiske sidene ved analyseringen omfatter spørsmålet om hvor dypt og kritisk intervjuene skal analyseres, og hvorvidt intervjupersonene bør være med på å bestemme hvordan uttalelsene deres skal tolkes.» (Kvale & Brinkmann, 2018, s. 97). I analysen har eg ikkje med informantane, det vil seie i dette tilfellet er ein prisgitt forskaren. Kvale og Brinkmann skriv vidare at «Det er forskerens etiske ansvar å rapportere kunnskap som er så sikker og verifisert som mulig. Dette innebærer spørsmålet om hvor kritiske spørsmål som kan stilles til ein intervjuarperson.» (Kvale & Brinkmann, 2018, s. 97) Eg har vore kritisk i den forstand at eg har stilt oppklarande spørsmål, for å vere mest mogleg sikker på at eg har forstått svara deira rett. Likevel kan eg ikkje vere sikker. «Fortellingene et menneske kan fortelle fra sitt liv har uendelig mange versjoner, avhengig av blant annet tid,

sted og publikum. Fortellingene reflekterer fortolkningsprosesser som pågår gjennom et helt liv.» (Eide, 2005). Eg får høyre den versjonen dei vel å dele, på den måten dei minnes det akkurat då, i samspel med forskaren.

3.3 Val av metode

3.3.1 Semistrukturert livsverdenintervju

Det grunnleggande hos Skjervheim var at han såg på mennesket som eit subjekt, og ikkje som eit objekt. Skjervheim meinte at forskaren har eit ansvar for å prøve å forstå, og då er det forskingsobjektet sitt perspektiv ein må prøve å få fram.

Då er kvalitativ forskning, fenomenologi og det å prøve å forstå godt eigna.

Når det er snakk om kvalitativ forskning, er fenomenologi mer bestemt et begrep som peker på en interesse for å forstå sosiale fenomener ut fra aktørens egne perspektiver og beskrive verden slik den oppfattes av informantene, ut fra den forståelsen av den virkelige virkeligheten er den mennesker oppfatter. (Kvale & Brinkmann, 2018, s. 45)

Gjennom intervjuet ynskjer eg å få vite meir om kvinnene sine egne erfaringar, med fokus på både kjenslene dei har, bakgrunnen deira og dei konkrete vurderingane dei har gjort. Det har gått nokre år sidan dei gjorde vala sine, derfor må eg som intervjuar vere observant på om dei tilpassar minna sine, eller om dei er opne for å minnes også tvil og usikkerheit i forhold til val. Vidare er den som blir intervjua ikkje berre eit objekt, men eit subjekt som vi må leve oss inni, prøve å forstå utifrå denne sin ståstad og lære av vedkomande.

Formålet med studien er å finne fram til svar på problemstillinga. Dette gjer eg både ved å samanlikne svara i dei ulike gruppene av informantar for å sjå etter likskap eller skilnader, og for å finne det som er interessant i kvart enkelt intervju. (Kvale & Brinkmann, 2018, s. 217).

Eg kunne brukt andre metodar som for eksempel spørjeskjema med alternativ og avkryssing, men eg trur eg får ei større forståing av kvinnene si livsverden, og får med meg meir av alt det komplekse rundt å gjere val, og som eg ikkje ha tenkt på sjølv i forkant, gjennom å intervjuer dei på den måten eg gjer i denne studien. Eg ser og høyrer nyansane, og kan på ein betre måte forsikre meg om at eg har forstått dei rett, og eg kan betre ivareta dei i dialogen i intervjusituasjonen.

Eg har hatt forskingsspørsmåla og dei tre aksane oppgåva er bygd rundt i bakhovudet då eg laga intervjuguidane og under intervju, slik eg får informasjonen eg bør ha. I etterkant av

intervjua har eg gått igjennom og strukturert. Eg ynskjer å finne ulike faktorar som held dei unge kvinnene tilbake eller skubbar dei vekk. Semistrukturerte intervju er ein metode som passar godt til dette.

3.4 Design

Forskningsdesign er måten eg går fram på for å finne svar på forskingsspørsmåla mine, og eg vil kort skildre korleis eg har tenkt det.

Eg vil heilt i starten av dette avsnittet presisere at prosessen i oppgåva mi ikkje er nokon lineær prosess. Det er ein fleksibel og dynamisk prosess, der eg prøver å sjå samanhengen mellom dei ulike delane, og jobbar fram og tilbake. Eg lærer og utviklar både meg sjølv og oppgåva i den prosessen.

3.4.1 Grunngeving av design:

Idear og teori er den eine byggesteinen eller søyla i oppgåva mi. (Bukve, 2016, s. 47). Eg har funne fram til relevant og interessant teori i oppgåva. Eg har i tillegg late meg inspirere av skjønnlitterære og biografiske framstillingar av temaet. Dette skal eg stille saman med dataproduksjonen, som er den andre søyla eller byggesteinen i oppgåva. Data er intervju og analysen av intervju mine. Eg tek ikkje med samandrag av intervju i oppgåva, men resultat og relevante sitat. Eg tolkar intervju i lys av teorien og dei skjønnlitterære og biografiske elementa.

Eg har eit Casedesign på oppgåva: «Casestudiar har gjerne blitt definerte som intense kvalitative studiar av ein eller nokre få undersøkingseiningar (Andersen, 2013)» (Bukve, 2016, s. 121). Bukve skriv vidare at ... «denne definisjonen kanskje legg for lite vekt på ei anna vesentleg side ved casestudiar: at dei søker å studere eit sosialt fenomen i sin heilskap og kontekst.» Ein kan ha ein eller fleire casar i ein casestudie. «Kva som er casen, kjem an på kva som er formålet med prosjektet, eller kva slags kunnskap vi ønskjer å utvikle.» (Bukve, 2016, s. 123).

Casen min, eller det fenomenet eg er ute etter å finne ut noko om er kva som kan vere avgjerande for at ei kvinne vel å bli buande i bygd eller flytte til ein by. Forskningsspørsmåla er spørsmål som er utforma med ulike vinklingar for å kunne gi eit slags svar på problemstillinga, utifrå informantane sine personlege erfaringar. Forskningsspørsmåla er store, men dei skal vere mogleg å svare på. Eg finn nok ikkje svar som kan generaliserast til «alle», derfor har eg eit design som er ute etter deltakarane sine personlege erfaringar. Eg brukar eit

språk som reflekterer dette, og anbefalingane eller råda som oppgåva eventuelt munnar ut i tek omsyn til graden av kor mykje det går an å generalisere.

3.4.2 Skildring av arbeidet med å samle inn data:

Eg har åtte informantar inndelt i fire grupper:

Eg har ein symmetrisk komposisjon av gruppene eg vil samanlikne.

- Gruppe 1: Høgare utdanning: bur i by (2 informantar)
- Gruppe 2: Høgare utdanning: bur i bygda (2 informantar)
- Gruppe 3: Fagbrev, bur i bygda. (2 informantar)
- Gruppe 4: Fagbrev/ ikkje fullført v.g., bur i by (2 informantar)

Eg har i tillegg ei anna kjelde frå ein annan generasjon kvinner, som eg fekk stille nokre spørsmål om sentralisering i eit kjønnspektiv og tankar rundt det.

Det var vanskelegare enn eg ha tenkt på førehand å finne nokon eg kunne intervjuje. Den første eg intervjuja var ei ung kvinne eg kjende til frå før. Den andre informanten kom eg i samtale med på eit kurs eg var på. Via henne fekk eg tips om tredje informant, som så tipsa meg om den fjerde. Halvparten har eg har funne fram til sjølv, medan dei andre fekk eg tips om av informantane sjølve eller andre. Det er mange som har svart nei når eg har spurt dei om å bli intervjuja. Eg måtte avlyse ei avtale, då det viste seg at eg allereie ha to i same kategori. Eg har brukt ein god del tid, tankeverksemd og «research» for å finne informantar.

Informanten utan fullført vidaregåande, passa for så vidt ikkje inn i kategoriane mine, men med omsyn til tidspresset eg hadde så var det ei løysing som kunne gå an, og eg er glad for at eg tok med henne. Det gav eit ekstra perspektiv til oppgåva.

Eg laga eit informasjonsskriv der eg informerte deltakarane om formålet med prosjektet, og kva eg skulle bruke intervjuja deira til. Dette sende eg enten på e-post til dei eller tok det med til intervjuet. Dei fekk vite kva studien gjekk ut på, formålet med intervjuet, korleis eg skulle bruke opplysningane deira, og at dei når som helst kunne trekke seg. På den måten ynskte eg å gjere dei trygge, og å vise dei at dei var viktige for meg og skulle bli ivaretekne.

Tre av informantane har eg intervjuja på telefon, då dei bur langt vekk, og det var ei stund til dei skulle tilbake til Sunnmøre på besøk, den fjerde som bur i by var heime i bygda si på besøk. Det varierte kor mykje kvar informant svara på spørsmåla, og om eg ha behov for det

så tok eg tok pausar mellom spørsmåla, der eg noterte ferdig. På telefon måtte eg informere om kvifor det av og til vart stille. Intervjua tok frå 35 -60 minutt. Sjølv om eg ha i tankane at spørsmåla ikkje skulle vere utforma med fagspråk, så måtte eg overfor alle informantane utdjupe nokre av spørsmåla. Eg kutta etter kvart ut spørsmål eg såg ikkje var relevante eller som var gjentakande. Spørsmåla eg har er samansett av både faktaspørsmål og meiningsspørsmål. Eg variererte rekkefølga på spørsmåla og eg følgde stemninga i intervjuet. Av og til hoppa eg over spørsmål, dersom eg hadde fått svar på noko tidlegare i intervjuet.

Eg har til ein viss grad prøvd å vere ganske strukturert med omsyn til å stille same type spørsmål («Føler du det er plass til alle i eit lite bygdesamfunn?» til dei som bur i bygda og «Trur du det er plass til alle i eit lite bygdesamfunn?») til dei som ikkje bur i bygda, med tanke på analysen eg skulle gjere seinare. Spørsmålsguidane er derfor ikkje meir ulike enn dei må. I det første intervjuet sat eg på same side av bordet som informanten min, og hadde spørsmålsguiden framfor meg. På slutten av intervjuet sa eg: «*No er eg snart ferdig!*», då svara ho: «*Ja, eg ser det!*». Den første informanten ha følgd med på spørsmålsarket. I og med eg brukte intervjuguiden fleksibelt alt etter korleis samtalen utvikla seg, så sat eg etter det på andre sida av bordet, slik at spørsmålsarket ikkje vart så lett å lese for dei. Eg ville heller ha konsentrasjon om eitt og eitt spørsmål heller enn at dei skulle tenke på det dei trudde var neste spørsmål.

Til informanten som ikkje ha fullført vidaregåande og bur i by brukte eg same intervjuguide som eg brukte til den som har teke fagbrev og bur i by, men det stemte ikkje heilt og eg måtte tilpasse på direkten. Sjølv om eg ha ulike intervjuguidar var flest mogleg av spørsmåla like eller likt vinkla for å gjere det enklast mogleg å systematisere etterpå.

Eg har prøvd å skape ro i intervjusituasjonen, ved å møte presis, opptre roleg og interessert og ha god tid. Eg har kome med forslag til møteplass, eller bedt dei foreslå ein måte vi kan foreta intervjuet på. Det er som oftast dei som har fått foreslå tidspunkt for intervjuet. Det har vore meir eller mindre ro rundt intervjua, alt etter møteplass. Eit par gongar syntest eg kanskje det vart litt for uroleg, men dei har fått bestemme korleis dei vil ha det. Det er ei trygghet for dei. Eg lytta aktivt og etter intervjuet hadde eg ei form for debriefing eller samtale der eg spurde kva dei tenkte om intervjuet, og prøvde å forsikre meg om at dei syntest dette gjekk bra. I og med eg tok notatar, og ikkje tok opp lyd, trur eg kanskje dei sa meir og var meir spontane enn om det var ein opptakar. Det vart ein del pausar mellom spørsmåla, fordi eg måtte notere ferdig svara deira. Då fekk dei kanskje tenkt seg litt om også, spørsmåla kom ikkje så tett. Konseptet mitt har ikkje vore å grave djupast mogleg. Derfor er spørsmåla utforma etter det.

3.6 Reliabilitet og validitet:

Reliabilitet: Kvale og Brinkmann definerer reliabilitet på denne måten: «En forskningsrapports konsistens og pålitelighet; intra- og intersubjektiv reliabilitet henviser til om et resultat kan gjentas på andre tidspunkter og av andre forskere ved hjelp av samme metoden.» (Kvale & Brinkmann, 2018, s. 357). Utifrå at eg har eit avgrensa tal informantar, og eg er ute etter deira personlege erfaringar, så tenker eg at dersom eg skulle gjenta undersøkinga med nye informantar, og same spørsmåla, så ha svara heilt sikkert vore annleis. Kan hende ha informantane mine svart noko annleis med ein annan intervjuar også, og kan hende svarar dei annleis til meg som er kvinne, enn om det ha vore ein mann. Eg som forskar påverkar truleg ubevisst informantane mine med den eg er, men eg prøver å ha reliabilitet i form av at eg er bevisst på å ikkje påverke intervjuobjekta mine i korleis dei svarar. Eg må vere obs på at spørsmåla mine er mest mogleg nøytrale, og mine eventuelle fordomar, slik eg nemnde tidlegare i oppgåva. Ein kan ha fordomar utan å vere klar over det. Eg høyrer til ein annan generasjon enn dei, og kjenner kanskje lite til deira miljø og kultur.

Validitet: Kvale og Brinkmann definerer validitet på denne måten: «Styrken og gyldigheten til et utsagn; i samfunnsvitenskapene viser validitet som regel til om en metode faktisk kan brukes til å undersøke det den skal undersøke.» (Kvale & Brinkmann, 2018, s. 357).

Spørsmåla i intervjuguiden har eg prøvd å lage nøytrale og opne, slik at mi meining ikkje skal skine igjennom. Spørsmåla er utforma slik at svara skal hjelpe meg å svare på forskingsspørsmåla. Eg har forskingsspørsmål som er store, eg kan nok finne svar på dei, men eg trur ikkje eg kan finne svar som er generaliserbare til «alle». Eg tenker at metoden eg har valt med intervju er ein valid metode å bruke til det eg ynskjer å undersøke. Det er som tidlegare nemnt godt mogleg informantane mine ikkje fortel alt til meg, eller har laga seg si eiga sanning som dei fortel. Når eg intervjuar må eg vere observant på at informantane kan tilpasse minnet og lager narrativ eller forteljingar som passar til det dei trur eg vil høyre, eller som dei likar å høyre. Nokre av dei fortel mykje, andre lite. Her spelar kanskje personlegheita deira inn også. Eg må også vere observant på kva som er intervjuobjekta si forteljing, og kva eg legg inni forteljingar gjennom mine erfaringar, særleg i forhold til dei som seier lite.

Eg har prøvd så godt eg kan å skildre det informantane har meint og sagt, og ikkje lagt til eller teke vekk noko. Eg har laga ei systematisk oversikt der eg har svara frå informantane i kortversjon, for enklare å kunne samanlikne. I analysen har eg heile tida gått fram og tilbake til notatane mine, for å dobbelsjekke der eg er i tvil om kva som vart sagt og meint.

«Verifisering: Det er forskerens etiske ansvar å rapportere kunnskap som er så sikker og verifisert som mulig.» (Kvale & Brinkmann, 2018, s. 97). Eg er prisgitt at dei fortel meg det dei hugsar som sanninga og at dei fortel såpass mykje eller fortel på ein sånn måte at eg får mest mogleg rett inntrykk, og utifrå det eg kan bedømme trur eg dei har vore ærlege mot meg. Eg har ikkje grunn til å tru noko anna.

3.5 Kort oppsummering av metodedel

Ein kan ikkje objektivere seg sjølv eller den lyttar til- då klarer ein ikkje å ta den andre på alvor slik ein burde. Eg er inspirert av Skjervheim som er planta i hermeneutikken: Vi forstår oss sjølve og vi forstår andre gjennom oss sjølve. Som forskar er eg deltakar i forkinga mi. Informantane mine ser eg på som subjekt. I djupneintervjua mine tolkar eg utsegner som allereie er tolka av subjektet, og eg prøver å finne ut av deira intensjonar. Når eg forskar grip eg meir eller mindre inn i deira liv, og dei grip inni mitt ved at eg får innsikt i deira liv. Dette at eg grip inni deira liv er og ei etisk problemstilling som eg må ta omsyn til, og behandle i tråd med etiske retningslinjer. Semistrukturert livsverdenintervju er ein metode som passar godt å bruke i denne studien. Eg har eit case eg skal prøve å finne svar på ved hjelp av åtte unge informantar sine personlege erfaringar når det gjeld etableringsfasen, og kva som ligg bak to av dei store livsvala. Eg har eit design som er ute etter deltakarane sine personlege erfaringar. Eg har gjort greie for korleis eg har forhaldd meg til omgrepa reliabilitet, validitet og verifisering.

Eg har tenkt på at det kunne vore spanande å ha brukt ei narrativ tilnærming i intervjua mine, der informantane kunne ha fortalt forteljinga om livet sitt, men det ha då blitt ei heilt annan prosess, og eg måtte hatt mykje meir tid. Eg trur kanskje eg hadde fått større utfordringar med å finne informantar, dersom intervjua skulle teke lenger tid enn no. Uansett tenker eg at eg har fått fram eit godt empirisk datamateriale ved hjelp av den metoden eg har vald å bruke.

4. Presentasjon av empirisk datamateriale og andre kjelder:

«Ikke alt som kan telles teller, og ikke alt som teller kan telles» (Albert Einstein).

I denne studien har eg fokus på kvinner i etableringsfasen med ulike bakgrunn og det dei fortel meg. Eg skal prøve å forstå livet deira utifrå deira perspektiv, og prøve å sette meg inni kvifor dei vel som dei gjer, sett utifrå eit kjønnspektiv. I denne delen av oppgåva presenterer eg informantane og empirien. Eg har i tillegg til dei åtte informantane også ei anna kjelde, som eg skriv om i eit eige avsnitt.

4.1 Presentasjon av informantane:

Det var utfordrande å finne informantar.

Eg spurde mange kvinner om å få intervjuer dei, og mange svarte nei. Eg er svært takknemleg overfor dei åtte som takka ja, for at dei ville hjelpe meg med prosjektet mitt, og at dei ville dele opplysningar og tankar om livet sitt med meg. Det er svært reflekterte og kloke unge kvinner. Dei kjem frå bygder på Sunnmøre, dei har ulike utdanningsbakgrunn, og enten bur dei på bygda framleis eller dei har flytta til by. Når det gjeld utdanning skil eg mellom dei som har gått ei kortare utdanning i yrkesfagleg retning og dei som har ei fleirårig høgskuleutdanning, og om dei bur på bygda eller har flytta til byen. Sjølv om eg har ein symmetrisk komposisjon av grupper eg vil samanlikne, er ikkje målet mitt å kvantifisere, men å få nyansar gjennom svare deira. Eg skal ikkje ha ut tal. Dette er åtte ulike personar, der eg vil få informasjon om dei personlege erfaringane deira. I intervjusituasjonen måtte eg kanskje sette dei på sporet ved å forklare spørsmåla litt meir, utan at eg trur eg la svare eller meiningane deira i munnen på dei. I intervjuet blir dei anonymisert og eg nyttar pseudonym. Eg treng ikkje ha noko liste med namna deira og pseudonyma (kodeliste), det er såpass få informantar at eg klarer å halde orden på det. Dersom eg tek med sitat i oppgåva skal desse også anonymiserast. Eg intervjuar ikkje om sensitive ting, eller spør meir enn nødvendig. Eg held meg stort sett til guiden, sjølv om eg av og til fekk overraskande informasjon som eg måtte velje om eg ville gå vidare å spørje meir om. Eg spør ikkje om tredjepersonar, anna enn utdanningsnivået til foreldra. Eg tek ikkje med opplysningar om eventuelle sambuarar,

kjærestar eller familie sjølv om informantane har fortalt om det, anna enn at eg nemner dei er der. Eg skriv at eine informanten min har eitt barn i oppgåva, men eitt barn kan bety fleire barn. Sambuarar og kjærestar kan vere frå bygda der dei bur eller ikkje. Detaljar kan vere endra, og eg kan ha skrive om for at det skal vere umogleg å kjenne att. Det går ikkje utover meiningsinnhaldet i svara deira, eller analysen min. Eg har ikkje med detaljerte svar eller historier, som gjer at dei kan kjennast att.

Alle er i etableringsfasen, dei er mellom 20 og 35 år. Eg har oppdaga at det er vanskeleg å få informantar som passar heilt inni dei ulike kategoriane eg definerte på førehand. Alle har ei heilt unik historie, og det finst sannsynlegvis uendeleg mange andre variantar enn eg ha tenkt på i mi kategorisering. Gruppene er samansett slik: Gruppe 1: informantar med høgare utdanning som pendlar til utdanningsstaden, og aldri vil flytte frå staden dei vaks opp. I utgangspunktet tenkte eg informantar i denne gruppa som har budd vekke på ein studiestad, og så flytta tilbake til barndomsbygda, men det fann eg ikkje. Det inneber at eg ikkje har med informantar med høgare utdanning som har teke valet om å flytte tilbake til der dei vaks opp i studien. Gruppe 2: informantane som har høgare utdanning og bur vekke. Desse to tenker at dei sannsynlegvis ikkje kjem til flytte tilbake til bygda der dei vaks opp. Gruppe 3: informantar som har fagbrev, som bur der dei vaks opp. Den eine av dei har barn og er vel etablert, den andre er i ferd med å sjå seg rundt etter anna arbeid. Ho har tenkt å bu eitt år i by. I gruppe 4 er der ein informant med fagbrev, og ei kvinne utan fullført vidaregåande skule, som begge bur i by. Den eine er etablert med sambuar. Begge har hatt fleire ulike jobbar. Den eine har jobba seg oppover i firmaet ho arbeider i, og har i tillegg følgd draumen sin og fått ei karriere i underhaldningsbransjen, og livnærer seg delvis av den.

Eg har delt informantane inn på tre måtar: høgt utdanna og lavt utdanna, bur i bygd eller i by, og bakgrunn. Dei som flyttar frå ei bygd, flyttar sjølvsagt ikkje alltid til ein by, men eg har valt fire som har gjort det. Ved å ha denne samansetjinga kan det hjelpe meg å finne utav kva dei tenker kan vere fordelar eller ulemper med å bu i bygd eller by, og kvifor dei vel høgare utdanning eller ikkje basert på informantane sin bakgrunn og erfaring. Eg kan samanlikne gruppene, og sjå kva eg kan gjere av interessante funn som for eksempel likskap eller ulikskap på tvers av eller innanfor grupperingane.

Eg tok notatar under intervju mine. Ganske raskt etter såg eg over, og overførte intervju frå penn og papir til eit word-dokument. Eg laga ei matrise der eg i kortform systematiserte svara til informantane, slik eg enklare kunne sjå samanhengar og ulikskapar i svara deira.

Samtidig så hadde eg notatane eg gjorde under intervju, og sjekka når eg skulle skrive eit sitat slik at det vart rett formulert, samtidig som det skulle anonymiserat.

Eg har lært at det er vanskeleg å vite om folk har etablert seg når ein trur. Eg ser at kanskje ikkje alle dei eg har valt som informantar er etablert i den forstand at dei har hus, partner og barn. Skulle det ha vore ein strengt definert etableringsfase med hus og heim, så måtte eg nok ha valt ei eldre aldersgruppe på dei som er høgare utdanna. Kanskje er det slik at folk er meir mobile heilt til dei får barn, og berre ein av mine informantar har det. Nokre av dei ser på seg sjølve som etablerte, og medan andre har tankar om kvar dei ønsker å etablere seg.

Fordelen med informantgruppa mi er at det ikkje er lenge sidan dei tok val om utdanning og kvar dei bur, og dei som har flytta er nærare i tid når dei budde i heimbygda. Til lenger tid det går, til meir lagar ein seg kanskje ei historie om livet sitt, som er lenger vekk frå røynda enn når ein tok vala sine.

Eg skil mellom fagbrev eller ikkje fullført vidaregåande skule og høgare utdanning. Informantane mine har fagbrev, ikkje fullført vidaregåande skule eller høgare utdanning.

Det var «lett» å intervju dei på den måten at «alle» har lest eller høyrte om fråflytting og sentralisering. Samtidig la det kanskje føringar på kvifor dei tenkte eg ville intervju dei.

Hilde og Bente (eg nyttar pseudonym på informantane) er søstre. Hilde tipsa meg om Bente.

Bente høyrde ikkje på når Hilde vart intervju, så spørsmåla var «nye» for henne. Dei svara også veldig ulikt på alle spørsmål utanom eitt, sjølv om dei har same bakgrunn.

Eg brukar ei kontekstanalytisk tilnærming, då får eg med deltakarane si forståing av sin eigen situasjon. «Vi anvender kontekstanalytisk tilnærming når vi analyserer fenomenar i den sammenheng de er en del av.» (Thagaard, 2018, s. 151). Eg vekslar mellom å sjå på svara til informantane i samanheng med kvarandre, og å sjå på den enkelte. Det er dei personlege erfaringane eg er ute etter. «Denne vekslingen mellom nivåer i analyse er særlig viktig for å utvikle en forståelse som er både helhetlig og nyansert», skriv Tove Thagaard (Thagaard, 2018, s. 161). Nokre stader i oppgåva har eg laga matriser som viser svara til informantane i kortform. Eg grupperer spørsmål og svar i forhold til dei tre analytiske aksane klasse, utdanning og kjønn og dei tre forskingsspørsmåla, men eg ser at mykje heng saman og kunne vore gruppert annleis.

Tabell 2 viser informantane si utdanning og bustad.

	Namn	Høgskule	Fagbrev	Ikkje fullført v.g.skule	Bygd	By
Gruppe 1						
Informant 1	Anne	x				x
Informant 2	Anette	x				x
Gruppe 2						
Informant 3	Synnøve	x			x	
Informant 4	Susanne	x			x	
Gruppe 3						
Informant 5	Hilde		x		x	
Informant 6	Hege		x		x	
Gruppe 4						
Informant 7	Bente		x			x
Informant 8	Bianca			x		x

Tabell 2: Oversikt over informantane si utdanning og bustad

4.2 Klasse

Kva bakgrunn har informantane? Tabellen 3 gir ei oversikt over det.

	Namn	Mors bakgrunn	Fars bakgrunn
Gruppe 1			
Informant 1	Anne	Høgt utdanna	Lavt utdanna
Informant 2	Anette	Lavt utdanna	Lavt utdanna
Gruppe 2			
Informant 3	Synnøve	Lavt utdanna	Lavt utdanna
Informant 4	Susanne	Høgt utdanna	Lavt utdanna
Gruppe 3			
Informant 5	Hilde	Lavt utdanna	Høgt utdanna
Informant 6	Hege	Lavt utdanna	Lavt utdanna
Gruppe 4			
Informant 7	Bente	Lavt utdanna	Høgt utdanna
Informant 8	Bianca	Lavt utdanna	Lavt utdanna

Tabell 3: Oversikt over informantane sin bakgrunn

For å bevare anonymiteten til kvinnene best mogleg, så skriv eg ikkje spesifikt i tabellen kva yrke eller utdanning foreldra har. Med utdanning meiner eg her ei høgskuleutdanning, lengre eller kortare. Lavt utdanna kan vere bønder eller fabrikkarbeidarar, d.v.s. arbeidarklasse eller primærnæringar. Desse kan vere utan utdanning også. Vi ser at høgt utdanna mødre er gift med lavt utdanna fedre, og omvendt. Halvparten av heimane har arbeidarklasse eller primærnæringsbakgrunn.

Når bestemte dei seg for kva dei skulle bli?

Anne og Anette begynte å tenke på kva dei skulle bli i 3. klasse på vidaregåande, Synnøve begynte å tenke på det på ungdomsskulen i faget Utdanningsval, Susanne ha eit friår etter vidaregåande då ho tenkte på kva ho skulle bli. Hege og Bente bestemte seg i 10.klasse, Hilde var 19 år, og Bianca tenker på kva ho skal bli endå. Kva tid dei gjorde valet er veldig variert, men ein ser skiljet mellom dei som skal studere og dei som tek fagbrev eller ikkje fullfører

vidaregåande skule. Dei som tek fagbrev vel retning tidleg. Det er for så vidt ganske naturleg, men det betyr at dei som tek høgare utdanning har hatt lengre tid å tenke på kva dei skal bli. I forhold til bakgrunn, så ser vi at her er to mødre med høgare utdanning, og begge deira døtre tek høgare utdanning. Vi ser ikkje tilsvarende med far med høgare utdanning i dette materialet. Vi ser at to av kvinnene med bakgrunn frå arbeidarklasse eller primærnæring tek høgare utdanning.

Kva tenkte dei at dei ha lyst til å bli i ulike fasar av barndom og ungdom?

Her har gruppe 1 og 2 svart «masse» eller «usikker» eller «husker ikkje». Gruppe 3 og 4 svara: «masse», «flyvertinne og eigedomsmeklar», «bli rik» og «underhaldar». Gruppe 3 og 4 som er dei med fagbrev eller utan utdanning svarar mest konkret. Den eine av dei lever ut draumen sin i underhaldningsbransjen idag.

Likte dei å gå på skulen?

Her svarar 3 av 4 av dei med høgare utdanning ja, 3 av 4 av dei med lavare utdanning svarar nei. Informanten min som har høgast utdanning, svarar at skulen passa veldig godt for henne. Dei andre med høgare utdanning var og innimellom skulelei, men klarte seg godt. I gruppa med lavar utdanning, så svarer ei at ho var altfor rastlaus, ho datt av etter kvart. Ei seier ho datt mellom to stolar på grunn av ein diagnose ho ikkje fekk før skulegangen var over. Ei svarar at det var ok, og den fjerde av dei med lavare utdanning svarar ja til at ho likte skulen. Her kan ein tenke at skulen passar for nokre av dei, men ikkje for alle.

Kvifor valde dei fire som bur i bygda å bo der? Ein av informantane trekker fram at det å ha familien rundt seg er viktig, ei anna seier også familie og venner. Den tredje har barn, og seier her er veldig kjekt for barnet å vekse opp, med masse tilbod. Desse tre har alltid budd i bygda, og pendla til utdanning, eller teke utdanning på heimlassen, og er fornøgde med det.

Den siste informanten som bur i bygd, seier at ho er veldig glad i heimbygda, og naturen og plassen, men at ho må ha miljøskifte. Sambuaren skal bu vekke ein periode, og ho tenker å flytte saman med han til byen der han skal bu.

Eg har spurt alle informantane om kva verdiar dei tenker ein har på bygda og kva som er positivt med ei bygd og som ikkje finst i by?

Seks av informantane brukar ordet trygt om heimbygda. Det er trygt å bu. Tre av dei som bur i by svarar og at det er tryggare enn å bu i byen. Ein er aldri redd for å gå ute om kvelden eller natta svarar ei som bur i by. Halvparten svarar at ein kjenner folk, og har større nettverk. Ein

kan seie hei til folk på butikken. Andre positive faktorar er at det er lettare å ta seg ein fjelltur, det er lettare for unge å få seg eit hus, ein har familien rundt seg når ein får barn. Dei er ganske samstemte om dette uansett bakgrunn eller utdanning, eller kvar dei har vald å bu.

Kva er det viktigaste i livet deira?

Dei fire informantane som tek høgare utdanning, svarar dette:

Anne: Å bu ein plass med moglegheiter.	Anette: Familie og venner er viktigast, deretter trivsel i jobb.	Synnøve: Å vere nær familien	Susanne: Å vere sikra jobb og god inntekt.
--	---	---------------------------------	--

Tabell 4: Kva er det viktigaste i livet?- høgare utdanna

Dei to første bur i by, dei to andre bur i bygda.

Dei fire informantane som har fagbrev eller ikkje fullført vidaregåande skule svarar slik:

Hilde: Å gjere ting som gjer meg glad, vere med folk som løfter ein opp, å kunne vere seg sjølv	Hege: Familien. Glad eg er blitt utdanna.	Bente: Å vere fornøgd. Gjere ting som gjer deg lykkeleg.	Bianca: Å trives. Å klare seg. Treng ikkje å ha mykje pengar, men nok.
--	--	---	--

Tabell 5: Kva er det viktigaste i livet? Fagbrev/ ikkje fullført vidaregåande skule

Dei to første bur i bygd, dei to siste bur i by.

Hilde og Bente er som nemnt før, søstre. Dei svara ganske ulikt elles, men på dette spørsmålet var dei samstemte. Eg skulle kanskje valt annleis slik at eg ikkje har to frå same heim, men samtidig er det litt interessant. Dei har vakse opp i same familie og med same sosiale bakgrunn.

Ser ein ulikskap på ambisjonsnivået som gjeld for eksempel materielle verdiar mellom dei høgare utdanna og dei andre informantane? To av informantane mine med fagbrev og ikkje fullført vidaregåande skule har hatt fleire jobbar. Den tredje med fagbrev må bytte jobb. Det

er ikkje så viktig kva jobb dei får, seier to av dei, då det viktigaste er å ha nok og klare seg og gjere noko ein synes er ok. Av svara deira ser det ut som om dei kan ha eit litt anna syn på livet og materielle verdiar enn dei som tek høgare utdanning.

4.3 Utdanning

Informantane har ulik slags utdanning. Frå dei høgaste gradane du kan ta i utdanningssystemet, til ikkje utdanning. Synnøve seier i etterkant av intervjuet: «*Det har blitt så gode stipendordningar, økonomien stoppar ein ikkje same kva bakgrunn ein har.*»

Kva haldningar til å ta utdanning som prega oppvekstmiljøet deira frå vaksne rundt dei?

Her er det ganske likt fordelt mellom gruppene når det gjeld påverknad frå vaksne. Dei fleste hadde foreldre som oppmuntra dei til å ta utdanning, eller «*sikre seg ei utdanning*», som ei seier. Det er likt for både fagbrev og høgare utdanning. Informanten som ikkje har fullført vidaregåande, har besteforeldre som oppmuntra henne, men foreldre som sa ho må gjer noko ho trivest med framfor å ta utdanning. Ingen følte noko press om noko spesielt dei skulle velje, seier dei. Eg kan ikkje sjå utifrå intervju mine, at det har vore spesielle forventingar til dei fordi dei er jenter. I informantgruppa mi er både kvinnedominerte- og mannsdominerte yrke representert.

Når det gjeld påverknad frå venner, så ser eg ulikskapar:

Anne flytta i første omgang til ein annan by enn gjengen, men kom etter seinare. Dei er ein stor gjeng frå heimbygda som tek høgare utdanning i same by. Anette var i ein «*flink gjeng*» på vidaregåande, som alle skulle gå vidare og studere, men valde med vilje å flytte til ein annan stad, for si eiga utvikling si skuld. Susanne seier at mange jamaldra ville vekk å studere, men ho ville ikkje flytte. Ho fann eit nettstudie gjennom ei veninne. Hege seier at ho angrar på at ho valde det same som alle andre skulle då ho tok det første valet sitt om utdanning. Bianca seier at mange i hennar gjeng var usikre, og ville ha eit friår eller arbeidsår før dei bestemte seg. Ho flytta sjølv til ein by der ho hadde slekt og ein ven, og har jobba der sidan. Kva gjeng ein hamnar i, kva miljø ein er i, og korleis vener påverkar ser ut til å ha betydning for kva ein vel for nokre av informantane mine. Andre vel å vere sjølvstendige å finne sin eigen veg. Dei fleste av dei som studerer har vore i «*flinke gjengar*».

Korleis opplevde informantane det å skulle velje utdanning?

Anne	Annette	Synnøve	Susanne	Hilde	Hege	Bente	Bianca
Kunne ha valgt anna	Vanskeleg. Veit aldri. Ha 3 toppval.	Enkelt	Tilfeldig. Kunne prøve	Tilfeldig. Kunne blitt anna	Vanskeleg	Enkelt	Ville ikkje gå meir skule

Tabell 6: Korleis opplevde informantane å skulle velje utdanning?

Ein av informantane med høgare utdanning, og ei av dei med fagbrev svarar valet var enkelt.

Bianca ville ikkje gå meir skule ettervidaregåande.

Seks av informantane svarar at valet var vanskeleg, tilfeldig, og dei kunne valgt anna.

Eg har spurt informantane som har høgare utdanning om dei har kontakt med dei som ikkje tok høgare utdanning. Tilsvarende har eg spurt dei med fagbrev eller utan utdanning om dei har kontakt med dei som tok høgare utdanning.

Tre av informantane med høgare utdanning svarar at dei fleste i gjengen tok høgare utdanning. Dersom dei ikkje utdanna seg med ein gong, så gjorde dei det etter kvart. Dei har altså lite kontakt med jamaldra som ikkje tok høgare utdanning. Det har med kva miljø dei vanka i. Den fjerde av dei høgt utdanna informantane svarar at «*Det spelar ingen rolle om nokon har høg utdanning eller ikkje*».

To av dei med fagbrev svarar at dei ikkje har så mykje kontakt med jamaldra frå bygda. Den eine kvinna bur i bygda, men har aldri funne sin plass i kullet sitt, og er saman med eldre eller yngre vener. Den andre kvinna bor i by og møter folk via jobb eller sambuaren. Den tredje informantan med fagbrev som bur i bygda seier at ho har fått litt kontakt med dei som flyttar heim til bygda. Ho som ikkje tok utdanning seier ho har kontakt med nokre som tok utdanning, men det var få frå heimbygda i hennar kull som flytta til den byen ho er i.

Dei som har høgare utdanning var og er i miljø med folk som tok høgare utdanning, unntatt den eine som seier at utdanning ikkje spelar nokon rolle. Dei som har teke fagbrev eller valt å ikkje ta utdanning, har vore i arbeidslivet lenge, og har andre nettverk via sambuar, annan buplass, jobb eller barn.

Har dei som har teke høgare utdanning fått endra verdiane sine?

Alle som har teke høgare utdanning seier at dei har forandra seg. Ei seier at i heimbygda slepp ein å argumentere dersom ein meiner noko. I studentmiljøet må ein argumentere for det ein meiner, ein blir vandt til å tenke vitskapeleg. Ei anna seier at «*Ja, ein treff mange som er annleis. Ein blir eksponert for folk med ulike verdier og bakgrunnar, ein lærar mykje, og forandrar verdier, ein blir meir tolerant, men det er ikkje «trangsynte» folk heime, verdiane passar inn. Ein blir vandt til mange ulike folk, og det er annleis heime.*» Det vil seie at i heimbygda har ein ikkje den moglegheita til å bli vandt til mange ulike folk.

Dei med lavare utdanning, seier og at dei som har teke høgare utdanning har endra seg, men ikkje så mykje om på kva måte. Den eine informantene seier at dei verkar meir fri, som om dei har funne seg sjølv.

Har dei som bur i by endra seg?

Dei som bor i by, både med og utan høgare utdanning, tenker at dei har endra seg fordi dei bur i byen. Ei seier at ho har forandra seg, og blitt meir open og positiv. Ho har funne seg sjølv, og er mykje meir avslappa. Ei anna seier at ein formar seg etter plassen ein bur på, ein får nye erfaringar, og ein endrar seg og på grunn av at ein blir eldre.

Det er truleg mange faktorarar som spelar inn på at ein endrar og utviklar seg. «*Det kjem an på kva utdanning det er. Dersom ein for eksempel er turnuslege. Då får ein mange sterke inntrykk som vil endre ein*», seier ei av informantane.

Av dei fire som har valt høgare utdanning, så er det to av dei som kan få seg jobb i bygda innan det dei har utdanna seg til. Den eine kvinna har heile tida vore fast bestemt på å bu i heimbygda, den andre kan kanskje ynskje seg eit år ein annan stad, men seier at ho då veit ho ville ha lengta tilbake. Dette er to kvinner som er høgt utdanna, og trivest godt i heimbygda si.

Dei to andre med høgare utdanning, tenker på at det ha vore kjekt å bu nært familien, men på grunn av utdanningane dei har valt, så blir det ikkje sånn. Den eine vil gjerne bu på ein plass med fleire moglegheiter, men ikkje midt i ein by. Ho andre har spesialisert seg veldig, og har kanskje ikkje anna val enn storby. Slik eg tolkar dei så tenker dei at det å ta høgare utdanning har endra dei, men ikkje endra dei slik at dei tenker dei ikkje «passar inn» i heimbygda. Dette er altså dei to informantane som har høgast utdanning, og dei har ikkje prøvd å bu i heimbygda som ferdig utdanna, dei uttalar seg om eit tenkt tilfelle.

4.4 Kjønn

Informantane svarar at dei fekk velje fritt kva utdanning dei skulle ta eller ikkje ta.

Dei to høgt utdanna som bur i by, svarar nei på spørsmålet mitt om dei reflekterte over kor vidt dei kunne bo i heimbygda med den utdanninga dei valde. Ho eine tenker litt på at ho er blitt «*litt for smal*», det er eit yrke ho berre kan halde på med få stader i landet, og helst i sentrale strøk. Den eine utan utdanning, kunne ikkje ha halde på med det ho driv i heimbygda. Då tenker eg på attåtninga hennar. Ho kan delvis leve av draumen sin i storbyen. Den fjerde som bur i by, kunne kanskje ha fått jobb og bu i heimbygda, men bur i ein by med sambuar, og likar det godt. Informanten som skal flytte til by for ei stund, flyttar både fordi ho må skifte jobb av ulike årsaker, og fordi kjærasten må vere ei periode i ein by. Dei tre som bur i bygda, har barn, sambuar, eller har bestemt seg for alltid å ville bu i bygda. Susanne er den som er heilt fast bestemt på aldri å flytte frå heimbygda, og også uttalar veldig tydeleg at ho er mot sentralisering. Ho har valt ei retning der ho kunne pendle til studiet. Det har Synnøve også. Hege tok fagbrevet på arbeidsplassen sin i bygda. Tre av informantane mine bur med mannen der mannen er eller skal. Ingen har (så vidt eg veit) sambuarar som har flytta med dei eller til dei.

Eg har spurt dei kvinnene som bor i by om kva som skal til for at ein skal trivast på bygda?

Dei seier at bygda er ein trygg og fin plass å vekse opp. Den eine kvinna som bur i by seier at når ho får barn vil ho kanskje vurdere å flytte tilbake. Fleire nemner den fine naturen. Ei par av dei seier at der er veldig mykje å gjere på, men ein er ikkje flink nok til å utnytte det. Sett i forhold til kjønnet er det interessant at kvinnene tenker at ei bygd er ein trygg og fin plass å vekse opp for barn og at det er ein viktig trivselsfaktor for dei også. Korleis barna har det er viktig.

Eg spør alle informantane om der er negative ting med å bu i ei bygd?

Den eine informanten seier at ho ville aldri ha flytta til ei bygd utan å ha eit nettverk, slik ho har i heimbygda. Ho legg til at det same gjeld for byar, at det er vanskeleg å få seg nettverk når ein har teke til å jobbe. Som student er det enklare, for då er det så mykje som skjer. Det nemner også ei anna av informantane, at det er vanskeleg for tilflyttarar i bygda å kome inn i miljøet.

Anne seier at det er vanskeleg å vere akkurat sånn ein vil, å vere seg sjølv i bygda. Ho veit om folk som har flytta frå bygda på grunn av mobbing. Anette seier at mange føler dei ikkje passar inn. Alle veit kven alle er, og det er mykje snakking. Mange ungdommar blir negative mot bygda av den grunn. Synnøve seier at om nokon er forskjellig, så er dei veldig forskjellig. Det er alltid sånn at ein ikkje skal tru at ein er noko. Det har Hilde også fått høyre. Susanne seier at det er ein fordel å vere sånn at ein ikkje bryr seg. Ho vil ikkje skille seg ut, men ho vel å sjå på dei som skiller seg ut som tøffe. Hege seier at det er «dei rette personane» som får skille seg ut. Eg trur ho meiner dei med dei rette nettverka og høg status har større friheit til å vere som ein vil og gjere som ein vil. Bente som har flytta til by trur dette er på same måten både i bygd og by, men seier at ho sjølv slapp å merke noko av dette då ho budde i bygda. Det trur Bianca også. Ho synes det er deilig å sleppe «bygda-gossipen», men ho trur det kan vere annleis for dei som er født og oppvaksen i byen. Kanskje folk blir utsett for sladder i byen og, sjølv om ho trur det er lettare å bli akseptert der. Både Hege og Bianca trur at alt dette blir betre når ein blir eldre. Det fortel her om sladderer dei har opplevd sjølve eller sett andre bli utsett for i små bygdesamfunn. Sladder kan ha noko med forventingane til kjønnsroller og god moral å gjere.

Kva tenker kvinnene om likestilling og kjønnsroller? Er der forskjell på bygd og by?

Bianca seier «*Det er vanskeleg å vite. Nei, trur det er ganske likt. Det er kanskje litt meir moderne i byen, men verda går framover. Det har skjedd masse på kort tid.*» Ho er i ein mannsdominert bransje i byen, og får av og til høyre ho får jobbar pga ho er jente. Det synes ho er provoserande. Synnøve seier at det er enklare med hennar generasjon, og at ein er friare til å velje det ein vil av yrke. Det er mindre flaut å velje utradisjonelt. Det er fortsatt mannsyrke og kvinneyrke, men det er ikkje så delt lenger. Hege trur det er små forskjellar på by og bygd når det gjeld kjønnsroller og likestilling. Anette trur det kan vere forskjellar, men ho trur ho tenker slik fordi ho har sin eigen barndom i bygda i minnet. Bente trur at på bygda gjer ein det meir som ein alltid har gjort det, medan dei tre siste informantane svarar veit ikkje, eller har ikkje tenkt noko på det. Det er altså ei overvekt av informantane som tenker positivt om bygda, likestilling og kjønnsroller. Dersom dei hadde vore endå meir tradisjonelt vel etablert, så ha eg kanskje fått andre svar, det er kun tre av dei som ha sambuar på intervjutidspunktet.

4.4 Andre kjelder

Eg nemnde tidlegare i oppgåva Facebook-sida «Kvinner I Møre og Romsdal, FOR Møre og Romsdal. Det har siste tida kome fleire liknande type Facebook-sider i andre fylke og landsdelar, og eg har intervjuet ei av kvinnene som står bak ei av desse sidene.

Ho seier at på bygdene så er ein avhengig av drivkrefter, om det skal bli til noko, så må nokon ta initiativ. Kvinnene må heie på kvarandre. Dei må heie på dei som er kraftfulle drivarar og har planar. Ein må gjere noko med det ein kan gjere noko med sjølv. Dersom ein tenkjer på å bu i heimbygda, så må ein rigge seg slik, og vere innstilt på å gjere ein samfunnsinnsats. Ein må starte ein strikkeklubb, eller sitte i eit handballstyre. Utkantsamfunna skapar seg ikkje av seg sjølv. Dei gamle som har vore drivkrefter på basarar, julefestar og dugnadar er ikkje der lenger. I dag kan det verke som om folk har nok med seg sjølv, og det skal ein ikkje akseptere. Alle blir no for tida oppdradd til å vere små prinsar og prinsesser. Ein må få fleire kvinner inni leiande stillingar og styreverv, kvinner må bygge opp eigen karriere og liv på bygda. Kvinner må skaffe seg kvinner rundt seg som støttar seg.

Dersom ein berre fokuserer på at kvinner flyttar og ikkje kjem tilbake, og at det er teikn på dårleg sosialt fungerande samfunn, slik nokre forskarar gjer, så er det ein sjølvoppfyllande profeti. Det handlar om måten ein omtalar sin eigen heim plass på, seier kvinna bak Facebook-sida til slutt.

Informantane mine høyrer til generasjon Z, født på 1990-talet og framover. «Dagens ungdom, ofte referert til som generasjon Z, benytter mobilen konstant, ønsker heller å chatte enn å snakke og har en tålmodighet på ca 8 sekunder. Verden er jo tross alt i endring og generasjon Z har fått sosiale medier og avansert teknologi inn med morsmelken. Bare You Tube alene blir besøkt 4-5 ganger pr dag i gjennomsnitt av de såkalte Z-erne». (Carlsson, 2020).

Ulike generasjonar har sine særpreg, sjølv sagt med variasjonar. Det er kanskje generasjon Z kvinna ovanfor beskriv, dei som etter nokre sitt syn vil ha alt servert og er altfor opptekne av sosiale media. Noko av det ho seier kan ein ta til seg, anna tenker eg er prega av hennar generasjon sitt syn på korleis kvinnerolla bør vere.

Anette seier at ho aldri ha flytta til ei bygd utan nettverk. No har ho flytta til ein by der ho har fått jobb, utan å ha noko anna nettverk enn dei ho blir kjend med på jobb, og er spent på korleis det går. Ho kunne budd i heimbygda fordi ho har nettverk der. Ikkje alle er like frimodige i forhold til å skaffe seg folk rundt seg, og det er heller ikkje alltid like lett, som

andre av informantane mine påpeikar. Då er det kanskje godt å ha eit nettverk ein kjenner frå før. Det er eit tankekors, og ganske trist det den eine informanten seier om siste året på vidaregåande då alle var «anti-bygda», då kan dei drage dette inntrykket med seg til seinare når dei skal velje bustad. I tillegg så har ein dei einsidig negative oppslaga frå forskarar som ikkje er så veldig optimistiske på dei små bygdene sine vegne. Kvifor kan nokre ungdomar bli «anti-bygda?». Dette skal eg kome tilbake til i neste del, som er diskusjonsdelen.

5. Diskusjon:

På bakgrunn av det vi har sett i empirien og ved hjelp av teorien, vil eg no drøfte, og prøve å kome fram til svar på forskningsspørsmåla. Drøftinga skjer rundt kvar av dei tre aksane: klasse, utdanning og kjønn, og dei tre aksane sett i forhold til kvarande. I denne delen vekslar eg også mellom å sjå på heilheita i svara, og å trekke fram enkelt svar. Det er dei personlege svara eg er ute etter, samtidig som det er spanande å sjå om der er fellestrekk eller ulikskapar i gruppene, enten det er sett i forhold til faktorar som sosial bakgrunn, med eller utan høgare utdanning, eller det er bur i bygda eller bur i by. Eg har delt diskusjonen inni ulike tema.

5.1. Klasse

5.1.1 Kva er eit godt liv?

Sett utifrå ORDC- modellen presentert i kapittel 2.1 ((Hansen, Patrick Lie Andersen, Magne Flemmen, & Jørn Ljunggren, 2019, s. 27)), kjem informantane mine frå ulike klasser.

Halvparten av informantane har bakgrunn der begge føresette er frå arbeidarklasse og primærnæringar. Familiane har ein kompleks klasseposisjon, og det er ikkje lett å kategorisere, fordi klasse, slik Boudieau forhold seg til det, ikkje berre handlar om yrke og økonomi, men også om sosial og kulturell kapital. Ein familie der kvar av foreldra har yrke som i utgangspunktet plasserer dei i ulike klasse, kan likevel ha ein felles sosial og kulturell kapital. Vi oppfattar gjerne at ein kunstnar som tek vaskejobb for å kunne leve delvis av kunsten, har ei anna klasse enn ein reingjeringsassistent som ikkje har eit kunstnerisk virke ved sidan av, fordi dette peiker mot forskjellar i kulturell kapital (og kanskje sosial også). Sidan eg ikkje har så mykje utfyllande informasjon om desse familiane, så er det ikkje enkelt å kategorisere dei basert på kulturell, sosial eller økonomisk kapital, men eg har likevel føreteke ei kategorisering utifrå kven av foreldra som har høgare utdanning og ikkje.

Halvparten av informantane som tek høgare utdanning, kjem frå heimar der begge foreldra har arbeidarklasse og primærnæringsbakgrunn. Desse informantane føretek då ei klassereise.

Informantane som tek fagbrev, er i same klasse som arbeidarklasse og primærnæringar, men er på nivået over ufaglært og delvis faglært, bønder, skogsarbeidarar, fiskarar og dei som lever på velferdsoverføringar, ifølgje ORDC- modellen.

Bourdieu hevdar dei frå folkelege klasser, arbeidarklasse og primærnæringar, har mindre forståing av viktigheita av sosialt miljø, for at ein skal kunne redusere ulikskap i moglegheiter for ungdom (Bourdieu, 1995, s. 206). Eg meiner ein arbeidarklasseheim kan ha eit like stimulerande miljø som ein middelklasseheim, men verdiane som blir formidla kan vere andre. Kanskje er det ein annan type kapital som blir formidla og som blir overført mellom generasjonane. Kanskje lærer arbeidarklassebarn å vere opptekne av, verdsetje og finne estetisk nytning på andre område. Dei øvre klassene er nok meir opptekne av det sosial miljøet og nettverksdanning som gjer at dette blir viktigare for dei. Her kan ein få assosiasjonar til prosessen kring tilsetjing av ny oljefondssjef som gjekk føre seg denne våren.

Kva er det viktigaste i liva til dei åtte informantane? Her er det forskjell på gruppa høgare utdanning, og gruppa med lavare utdanning, der dei fleste i den første gruppa svarar familie, og kun ein i den siste gruppa svarar familie. Første gruppe med høgare utdanning vektlegg meir å trivest i jobb, ha god inntekt, bu på ein plass med moglegheiter i tillegg til familie. Med moglegheiter meiner dei fritidstilbod og sosiale arenaer der ein kan vere ilag med folk. I gruppa med lavare utdanning svarar dei for eksempel «å vere lykkeleg», «å ha folk rundt som løftar deg», og at ein ikkje treng å tene mykje pengar, men «ha nok». Det kan vere uttrykk for ein ulik habitus i dei ulike gruppene. Bourdieu skildrar Habitus som ein tenkje- og veremåte som utviklar seg innanfor ei klasse. Utifrå dei åtte informantane mine, kan det verke som om der er større fokus på livskvalitet og dei nære ting blant dei som ikkje har høgare utdanning. Kanskje er dei med høgare utdanning meir opptekne av å ha det bra når det gjeld for eksempel status og materielle verdiar, og at det gir lykkekjensle. Samtidig kan ein stille spørsmålsteikn ved forholdet mellom inntekt og utdanning, nokre ufaglærte i industrien kan vere relativt godt betalt, medan innan yrke som krev høgare utdanning, for eksempel sjukepleiar eller ingeniør eller lege, så kan det vere store forskjellar.

Sjølv om Susanne som har høgare utdanning er rask å svare at det ikkje betyr noko om ein har utdanning eller ikkje, kjem ho kanskje etter kvart til å merke ulikskapane, og søke til si klasse eller gruppe med same habitus, og merke mekanismane i samfunnet som Bourdieu skildrar.

Dei tre med fagbrev har måtta bestemme seg for retning tidleg, og det er berre ei av dei som har jobb direkte knytta til det ho tok fagbrev i. Av dei med høgare utdanning har alle gjort

noko anna første året etter vidaregåande. Det kan vere vanskeleg å velje studie, og å treffe rett med ein gong, men dei gir også uttrykk for at det er ganske tilfeldig kva utdanning dei tok. Det kunne like gjerne vore noko anna. Når du har studert, har brukt fleire år på det, og har stort studielån, så er det kanskje verre å skifte retning, enn for dei med fagbrev. Då kan det vere at du må velje ei klassereise som går nedover fordi du må ta til som ufaglært, med lavare økonomisk kapital, og du må kanskje endre den habitusen du har utvikla der du var, til dit du kjem. Ei av dei med fagbrev seier at det er det same for henne kva ho arbeider med. Det er berre det å ha ein jobb og løn som er viktig for henne. «*Det kan gjerne vere på ein klesbutikk*», seier ho, det bekreftar funnet mitt om skilnad mellom gruppene på spørsmålet om kva som er viktigast i livet.

5.1.2 Sosial bakgrunn

Er det slik at vi stiller med ulike utgangspunkt til å forme framtida vår på bakgrunn av klasse, i Noreg i dag?

I boka «Synlig læring» har professor John Hattie skrive om kva som har effekt på læring basert på eit svært omfattande forskingsmateriale (Hattie, 2013, s. 17). I samband med kva påverknad heimane har på barna, så skriv han:

Foreldre har stor innflytelse når det gjelder hvilken oppmuntring og hvilke forventninger de overfører til barna. Imidlertid strever mange foreldre med å forstå læringens språk og stiller dermed svakere med hensyn til metodene de har å bruke for å oppmuntre barna til å oppnå forventningene deres. På tvers av alle hjemmevariablene er det foreldrenes ambisjoner og forventninger til barnas utdanningsprestasjoner som har den største sammenhengen med prestasjoner (Hattie, 2013, s. 119).

Hattie skriv at skulen og heimen kan vere som to ulike verder for barnet, og at det er ekstremt viktig at skule og heim samarbeider, og forstår kvarandre sitt språk. Han viser til ein annan studie der 98% av alle foreldre meiner at skulen er svært eller ekstremt viktig for barnet si framtid når dei tek til på skulen, og mange har høge ambisjonar for barna sine. Når dei går ut

av småskulen har ambisjonane blitt lavare, og det primære då er at barna må få seg ein jobb (Hattie, 2013, s. 120).

Det ser ut som om foreldra som lukkast sjølve i skulesystemet har ein enklare veg for å få barna sine vidare inn på høgare skulegang. Der kan dei møte på neste hinder som er at profesjonane kan beskytte sine egne, og gjere det vanskelegare å kome inn for folk flest. Det Hattie (2013) har funne ut bekreftar og Bourdieu (1995). Ulik kulturell kapital og ulike habitusar gjer at verda heime med foreldra og skuleverda kan vere veldig forskjellig for barnet, og dette kan føre med seg utfordringar i forhold til skulegangen. Eg har spurt informantane om dei likte å gå på skulen. Tre av fire i gruppa som tok høgare utdanning likte å gå på skulen. Den fjerde informanten er skuleflink, men likte best det sosiale på skulen. Så alle desse klarte seg godt, og ei av dei svarta at skulen passa godt til henne. Av dei fire informantane mine med lavare utdanning er det tre av fire som ikkje likte å gå på skulen. Ein av informantane mine hadde ein diagnose som påverka læringa, som ikkje vart avdekka før i vaksen alder. Ho fortalde meg at ho berre fekk beskjed av dei på skulen om å jobbe hardare, og ho fekk ikkje den hjelpa ho skulle hatt. Bianca si historie er også at ho datt av på ungdomsskulen, og «*ikkje vart plukka oppatt*», som ho uttrykker det sjølv. Eg kan ikkje på generell basis seie at der er ulike forventingar eller ulik behandling i skulen av elevar utifrå kva sosial bakgrunn elevar har, men ressurssterke heimar klarar kanskje betre å pushe på, hjelpe barna sine, og få hjelp, då dei «snakker skolens språk (Hattie, 2013, s. 120). Synnøve som tek høgare utdanning, og som kjem frå bakgrunn med lavare utdanning seier: «*Det gjer meg ingenting å seie at foreldra mine ikkje har utdanning. For andre kan prøve å skjule det.*» Dette sitatet gjentek eg då det er relevant i denne samanhengen også. Eg tenker det kan kome av ei oppleving hos foreldra av å ikkje strekke til når ein ikkje kjenner språket, at ein føler seg underlegen, og at barn kan merke dette hos foreldra. Synnøve er på ei klassereise sjølv. Kanskje er det det som kjem til uttrykk, og som gjer at ho ser og reflekterer bevisst over dette. Eg har spurt informantane om kva dei tenkte dei skulle bli når dei var barn og ungdom. Av informantane mine er det dei som har fagbrev eller ikkje fullført vidaregåande som har hatt konkrete draumar som dei minnes. Eg fekk ingen konkrete døme med dei høgare utdanna, men dei fleste av dei ha også tenkt på «*masse*». I utgangspunktet er det slik at alle informantane mine har hatt håp og draumar for framtida, og sett for seg spanande yrke. Ulik bakgrunn spelar inga rolle for informantane mine når det gjeld å ha håp og draumar om framtida når dei var yngre, men i løpet av skulegangen kan dette ha endra seg for eit par av

informantane mine, slik at heile framtida vart påverka. Då tenker eg på dei som av ulike årsaker ikkje fekk den hjelpa dei har rett på.

5.2 Utdanning

5.2.1 Utdanningsval- tradisjonelt eller utradisjonelt?

Det har aldri vore så mange som no som tek høgare utdanning, og til høgare fullført utdanning ein av foreldra har, til meir sannsynleg er det at barnet fullfører ei høgare utdanning. Gruppa «Ingen fullført grad» aukar til kortare utdanning foreldra har. Synnøve seier at «*Det er så greie stipendordningar i dag. Økonomien stoppar ein ikkje. Ein er ikkje like bunden til å vere der ein vaks opp. Ein er friare til å velje det ein vil.*» Ho har reflektert over at ho kan gjere det ho vil, og er kanskje heldigare stilt enn foreldregenerasjonen sin som måtte vere der dei var. Det ikkje er avhengig av kva klasse du kjem ifrå i dag om du kan ta ei utdanning, men er du født og vakse opp i ein familie med foreldre som har høg utdanning og god økonomi, så har du fordelar dersom du treng økonomisk bistand, det er dyrt å bu for eksempel i hovudstaden. Det er også meir sannsynleg du fullfører høgare utdanning dersom du har høgt utdanna foreldre slik Figur 1 viser.

Det er meir allment akseptert i samfunnet at kvinner vel utdanning innan mannsdominerte yrke, samtidig som det framleis er svært kjønnsdelt innan nokre studieretningar. Særleg innan teknologistudiar er der få kvinner, i andre studie som sjukepleie og lærar er der desidert flest kvinner. I forhold til fag- og svennebrev er det også svært kjønnsdelt på mange område.

Korleis opplevde informantane å skulle velje utdanning? Synnøve har valt ei utdanning der ho veit ho kan få arbeid i heimbygda. Bente visste og heilt sikkert kva ho ville bli, men ho valde ikkje med tanke på buplass. Seks av informantane svarar at valet var vanskeleg og tilfeldig, og dei kunne valt annleis.

Utd	H.U.	H.U.	H.U.	H.U.	F	F	F	F
Bur	By	By	Bygd	Bygd	Bygd	Bygd	By	By
Yrke	N	N	K	K	K	N	M	N+ M

Tabell 7: Kvinnedominert eller mannsdominert yrke

M = mannsdominert utdanning/yrke

K= kvinnedominert utdanning/yrke

N = nøytral

H.U. = høgare utdanning

F= Fagbrev/utan fullført v.g.

I tabellen ovanfor ser ein korleis eg har plassert informantane i forhold til om dei har valt mannsdominerte eller kvinnedominerte utdanningsretningar og yrke. Gruppa utan høgare utdanning er samla sett meir utradisjonell i vala sine enn gruppa med høgare utdanning. Dersom eg grupperer dei etter dei som bur i by og dei som ikkje bur i by finn eg fleire utradisjonelle val for kvinner i gruppene som bur i by, enn i gruppene som bur i bygd. Då tek eg med Bianca si attåttnæring eller hobby. Eg spurde Bianca om det var lettare for henne å få jobb i ein stor by rett etter vidaregåande og utan utdanning, enn det hadde vore i heimbygda. Ho meiner at det ikkje var det. Ho forklarte at i dei store byane er mange studentar som vil ha ein jobb ved sidan studia. Det tok nokre månader før ho fekk seg arbeid. Ho har jobba seg oppover til ei leiarstilling. Det ha truleg vore verre i heimbygda utan fullført vidaregåande skule, då der er færre bransjar å få jobb i.

Den eine informanten min med høgare utdanning, og med foreldre utan utdanning, svara då eg spurde henne om ho kunne ha valt noko anna, (og då tolka ho «noko anna» som ikkje å ta høgare utdanning, medan eg meinte eit anna studie): *«Eg kan ikkje noko anna praktisk, for eksempel å snekre. Eg må ha utdanning for å få jobb. Dei som er meir praktisk anlagt kan jobbe med det. Viss der er nokon med utdanning, så stiller ein eit hakk før i køa der det er fleire om jobben. Eg håpe dei ser på dei som er flinke praktisk.»* Informanten viser omtanke for andre som ikkje tek utdanning eller fagbrev, og ho ser kanskje at dei må leve med meir usikkerheit i dagens samfunn.

Utifrå materialet mitt, ser det ut til at dei kvinnene som bur i heimbygda vel meir tradisjonelt sett i forhold til kjønnsroller enn dei som bur i by. Kvinnene med høgare utdanning vel samla sett også i høgare grad kvinnedominerte retningar. Dersom ein ynskjer å bu i bygda, må ein vere bevisst på det når ein vel utdanning og tenke på jobbmoglegheiter, det gjeld også for dei som tek fagbrev, innanfor nokre retningar. Kanskje er det slik at det er enklare å velje utradisjonelt og bu utanfor bygda, for det første fordi der er eit avgrensa utval arbeidsplassar i ei bygd, for det andre fordi ein ikkje vil skilje seg ut? For dei som ynskjer å bu i heimbygda, og ikkje ynskjer å flytte er det ein fordel med desentralisert utdanningstilbod og høgskular i distrikta.

5.2.2 Påverknad frå familie og venner

Har foreldre med ulik sosial bakgrunn prøvd å påverke eller forme barna sine meir eller mindre gjennom å styre dei i ei bestemt retning?

Alle informantane har vorte oppmuntra av foreldra sine, og blitt fortalt at det er viktig «å sikre seg ei utdanning», bortsett frå ein. Bianca har ikkje fullført vidaregåande skule. Besteforeldra oppmuntra henne til å ta utdanning, men ikkje foreldra. Besteforeldra sa at ho «måtte skaffe seg ei utdanning», fortel Bianca. Foreldra hennar har derimot alltid sagt at ein må finne noko ein trivest med framfor å studere. Ho kjem frå ein bakgrunn med foreldre utan utdanning, og har ei bestemt sosial læring derifrå. Kan det vere at dei såg ho sleit med skulegangen, og som ho seier sjølv «var rastlaus», og derfor ikkje ville presse henne?

Anne valde først noko anna, men fekk høyre: «Kva skal du med det?». Eg er usikker på om ho fekk høyre dette med foreldra elle andre, men årsaka til at det vart sagt var med tanke på arbeidsmoglegheitene. I alle tilfelle så bytta ho studieretning. Ho valde noko der ho var meir sikra jobb, men ikkje med tanke på heimbygda.

Det kan vere at dei høgt utdanna mødrene i undersøkinga mi påverka døtrene sine, om ikkje direkte, så indirekte ved å vere rollemodellar. Informantane har blitt forma av ein bestemt habitus og kulturell og sosial læring i sin familie.

Påverknad frå foreldre bevisst eller ubevisst kan ha spela ei rolle i forhold til å ta ei utdanning eller eit fagbrev hos dei fleste informantane mine, men eg har berre ein informant som seier at valet vart påverka i ei bestemt retning-til noko meir «nyttig».

Påverknad frå vener er ein faktor ein må ta med i berekinga. Kva miljø du er i ser ut til å spele ei rolle for nokre. Anne seier at ho trur mange blir påverka av vener. Det kan vere tilfeldig korleis ein hamnar i ulike vennegjengar. To av informantane mine med høgare utdanning har vore i gjengar der det var om å gjere å vere flink, og skulle studere vidare. Dei har same habitus i sitt miljø. Anette valde likevel bevisst å fare ein annan stad enn gjengen. Ho seier ho var bevisst på at ho ville utvikle seg sjølv som person, og kunne gjere det best ved å flytte ein plass heilt åleine. Eg tolkar Anette slik at ho ville ut av rolla ho ha hatt i gjengen i heimbygda. Gjengen hadde ein bestemt habitus og sosial veremåte, som var vanskeleg å bryte med utan å reise vekk frå dei. Hege angra på det ho valde i første omgang, og seier valet vart gjort fordi venane valde det. Karin Sveen (2018) fortel om då ho tok høgare utdanning, og det

som vart ei «Klassereise». Då ho tok utdanning auka den kulturelle kapitalen, og ho fortel om korleis det endra forholdet til alle heime. Dette nye i hennar liv vart ikkje nemnt heime, og ho kjende på ein avstand til dei. Dette finn eg ikkje att med informantane mine, og dei fleste har og blitt oppmuntra til å utdanne seg. Det var kanskje annleis den tida kvinnelege studentar var noko nytt. I tillegg til utfordringane med heimemiljøet merka Sveen at ho vart ho ein framand i studentmiljøet, og etter kvart også i vaksenlivet. Ho prøvde å passe inn, men klassekjensla sat i kroppen. Bourdieu (1995) skriv om småborgarskapet som er sjølvlærte, og av den grunn ha mindre status. Sveen var ikkje sjølvlært på det ho studerte, ho hadde papira i orden, men ho måtte vere sjølvlært i korleis ho skulle passe inn og å ha den rette habitus. Det var få med hennar klassebakgrunn som studerte som ho eventuelt kunne søkt saman med. Sveen snakka dialekt og hadde kanskje ikkje den sjølvtiliten som dei med høg sosial kapital frå middelklasse eller overklassebakgrunn. Utrykket «De store hagers selvtillit» skildrar ganske godt den sjølvtiliten og tryggheta ein kan få med seg heilt gratis ved å kome frå dei rette sosiale lag av folket. Dette er nok ein del annleis i dag, med eit større mangfald av studentar frå alle miljø, men det kan vere ei av årsakene til at det er trygt å reise ilag med ein heil gjeng frå heimbygda. Sveen skildrar mykje av det negative i samband med sosial mobilitet eller klassereise, og kanskje vart det opplevd meir negativt enn positivt då det var meir uvanleg å ta utdanning for kvinner.

Dette er åtte informantar sine personlege erfaringar. Hadde eg spurt eit anna utval ha eg truleg fått andre svar. Eg ser at den eine som fekk signal frå foreldra om at det ikkje var viktig med utdanning ikkje har teke det, og ikkje har tenkt å ta det. Eg legg og merke til Anne som fekk eit direkte spørsmål om nytten av det ho valde og skifta retning. Eg ser at påverknad og oppmuntring til å ta utdanning frå foreldra til informantane mine er viktig, bevisst eller ubevisst. Nokre av informantane mine blir også påverka av vener. Det kan vere trygt å ha gjengen rundt seg første gongen ein skal ut i verda, men vil du utvikle deg mest mogleg, må du kanskje reise åleine.

5.2.3 Kan det å ta høgare utdanning endre ein?

Informantane mine som bur der dei vaks opp, merkar at folk endrar seg som har budd andre stadar. Synnøve har merka at dei kan spørje henne: «*Har du berre vore heime du?*», og

liknande. «Når dei kjem heimatt til jul, så er der ein liten forskjell, akkurat som om dei synes dei er litt betre», seier ho. Nokre av dei som kjem på besøk der dei vaks opp, har kanskje behov for å markere auka kulturell kapital, og kanskje ein annan habitus som dei har tileigna seg i byen. Kanskje kjenner dei og på at det ikkje er plass til denne habitusen i bygda, og vil utfordre det? Informantane til Gullestad (1984) plasserer studentar i «øvre middelklasse» saman med sosialarbeidarar og lærarar. Det inneber status å vere student i dag også, sjølv om det er mykje vanlegare å studere. Det kjem kanskje an på kva studie det er og. I dag er det også stor jobbusikkerheit for mange med høg utdanning, dagens studentar er ikkje like garantert ei trygg framtid som ein gjerne var med ei god utdanning for 30 eller 50 år sidan. Synnøve som sjølv er student og bur i heimbygda har fått nedlatande kommentarar frå dei som studerer i hovudstaden. I materialet mitt verkar det å vere eit skille i forhold til status kvar du har studert.

Dei som tek høgare utdanning som bur der dei vaks opp, synes ikkje sjølve at dei har endra seg. Det er kanskje ikkje så lett å merke sjølv om ein endrar seg, og folk rundt dei merkar det vel heller ikkje så godt når ein sjåast ofte. Anette seier ein blir eksponert for mange andre folk når ein tek utdanning og bur i by, derfor endrar ein seg. Ho seier vidare at «*Dei heime opplever ikkje det same, derfor endrar dei seg ikkje.*» Både ein ny buplass og utdanning kan endre ein, og i tillegg så blir ein eldre. Det er nok fleire faktorar som spelar inn. Det som skil dei som tek høgare utdanning er kanskje det som Anne seier: «Dei blir vandt til å tenke vitskapeleg». Ein går igjennom ein prosess med omdanning av erfaring, som Dewey seier. Eg veit ikkje om Hege kjenner nokon som er turnuslege eller om det var eit tilfeldig eksempel, men ho sa at ho trur ein endrar seg meir med enkelte utdanningar enn andre, for eksempel om ein er turnuslege. Det trur eg ho har rett i. Enkelte utdanningar kan påverke ein meir enn andre, og kanskje særleg krevjande møte med ulike menneskeskjebnar.

Tre av informantane med høgare utdanning seier at dei har mest kontakt med dei andre som tek høgare utdanning, framfor dei som dei gjekk i klasse med som ikkje tok høgare utdanning. To av dei som har teke fagbrev, og den eine informanten utan utdanning har skaffa seg andre nettverk etter skulegangen. Det kan vere med eldre, yngre, sambuar sitt nettverk eller vener frå andre stader. Det verkar som om gruppa utan høgare utdanning har eit meir variert nettverk. Den fjerde informanten med høgare utdanning som bur i bygda svarar: «Det spelar inga rolle om ein har høgare utdanning eller ikkje.» Då var det punktum og ho var ferdig med svaret sitt. Det var ikkje mi meining å verke nedlatande mot noko gruppe, dersom det var det ho trudde eg meinte, men eg ville vite kven dei ha mest kontakt med, og sjå om der var noko

interessant i forhold til Bourdieu (1995) sin teori om habitus. Denne informanten bur i bygda, og omgåast til dagleg alle lag i folket, slik som alle som bur i ei bygd må og skal. Samtidig så skulle eg ha grava litt meir i svaret hennar. Det kan hende det ligg ein ubevisst fordom der frå mi side, samtidig så ser ein for eksempel historiene til Karin Sveen (2018) og Tara Westover (2019), der utdanning har endra og utvikla dei vekk frå sitt tidlegare miljø. Sveen høyrer til ein mykje eldre generasjon, men eg trur det kan gå an å kjenne seg att til ein viss grad. Historia til Tara Westover er veldig spesiell, men ho siterer ein amerikansk pedagog ved namn John Dewey: «Endelig tror jeg på at utdanning må forstås som en kontinuerlig omdannelse av erfaring; at prosessen og målet i utdannelsen er ett og det samme.» (Westover, 2019, s. 6). Dei informantane som bur vekke og tek høgare utdanning er tydelege på at dei har endra seg.

5.3 Kjønn

5.3.1 Konformitet: trygghet versus overvaking

Eg har spurt alle informantane om kva dei tenker er positivt med heimbygda. Seks av dei brukar ordet trygt. Dei nemner naturen, fine fjellturar, fint for barn, ein kjenner mange, har nettverk, det er lettare å få seg eit hus, ein har familien sin rundt seg, ein treng ikkje vere redd når ein går ute seint på kveld. Der er ei mengd kvalitetar som er på plass. Dei seier der er mange tilbod, men at ein er lite flink å bruke det. Sånn er det kanskje om du bur på ein større stad også. Du har kanskje ikkje tid og pengar då heller til å nytte tilboda så mykje som du tenkte. Særleg etter studietida og etablering med familie. Informanten som har barn seier der har blitt mykje kjekt å halde med på for barn i bygda, og dei nyttar tilboda som finst. Kvifor vel likevel mange å flytte?

Eine informanten min med fagbrev som bur i bygda seier at ho er veldig glad i bygda, og er veldig heimekjær. Ho er glad i naturen og plassen, og det er trygt og godt. Ho fortel om då ho la om livsstilen sin, og var open om det i sosiale media. Ho fekk høyre folk seie «Kven trur ho at ho er?». Både Anne, Anette, Synnøve og Susanne kan bekrefte at det ikkje er like enkelt for alle å bu i ei bygd. Dei seier det er vanskeleg å vere akkurat sånn ein vil og å vere seg sjølv i bygda. Hege seier at det er dei rette personane som får skilje seg ut, med det trur eg ho meiner dei som har det rette nettverket og status kan tillate seg å vere meir seg sjølve enn andre. Ein av informantane veit om folk som har flytta frå bygda på grunn av mobbing. Dei seier vidare at alle veit kven alle er, det er mykje snakking, og mange føler dei ikkje passar inn. Mange ungdommar blir negative mot bygda av den grunn, jamfør Anette som snakka om hennar vennar som var «anti-bygd». Synnøve seier at om nokon er forskjellig, så er dei veldig forskjellig. «*Det er alltid sånn at ein ikkje skal tru at ein er noko*», det fekk eg høyre av to informantar. Dei har ulike strategiar for å takle dette: Susanne seier at det er ein fordel å vere sånn at ein ikkje bryr seg. Ho vil ikkje skilje seg ut, men ho vel å sjå på dei som skiljer seg ut som tøffe. Det dei fortel minner meg om Bourdieu sitt «konformitetsprinsipp».

I alle irettesettelsene («hvem tror hun at hun er?», «det der er ikke noe for folk som oss») uttrykkes konformitetsprinsippet, den eneste klart uttalte normen i den folkelige smak, og hensikten er å oppmuntre en til å ta de «fornuftige» valgene som de objektive

betingelsene uansett tvinger en til å ta. Men irettesettelsene inneholder i tillegg en advarsel mot ambisjonen om å skille seg ut gjennom å identifisere seg med andre grupper, det vil si at det også er en påminnelse om behovet for å vise solidaritet. (Bourdieu, 1995, s. 196).

Det er ein norm i den folkelege smak, i arbeidarklasse og primærnæringar, og den har utvikla seg der fordi det skal hjelpe ein å ta realistiske val utifrå kva utsikter ein har i den klassa ein høyrer til. Det er og ei åtvaring mot å identifisere seg med andre grupper, og å støtte opp om den gruppa ein høyrer til. Dette kan i første omgang kanskje høyrast fornuftig ut. Det er eit uttrykk for at du skal halde deg på plass, det er best for deg, då blir du ikkje skuffa, og du svikter ikkje flokken din. Kanskje viser det og ein frykt i dei som blir igjen når andre klatrar høgare på samfunnsstigen, eller endrar seg eller er annleis på andre måtar. Marianne Gullestad skriv om sosial mobilitet, og familiar som flyttar til finare strøk, kanskje på grunn av høgare inntekt, og andre som blir der dei er, eller fell nedover i hierarkiet. Det kvinnene i eit nettverk har til felles er at der ikkje er for store ulikskapar i inntekt og forbruk. Dei ser på seg sjølve som «middels» i samfunnet. Dersom nokon legg om livsstilen, og endrar utsjånad, og er open om det, så forstår vi utifrå både Bourdieu (1995) og Gullestad (1984) sine teoriar, at dette ikkje går upåakta hen. Hege seier at «Dei rette personane får stikke seg ut», då tenker eg på erfaringa til Synnøve med studentane som kjem tilbake frå Oslo med ny habitus, og kan opptre overlegent mot dei som er i bygda, og det blir akseptert. Hege har kanskje mykje rett i sin observasjon. Nokre har meir status av ulike årsaker, for eksempel det rette nettverket eller familien, og sosial kapital.

Bente skil seg ut frå dei andre. Ho har ikkje opplevd det dei andre informantane fortel om. Bente har valt eit mannsdominert yrke. Ho har teke fagbrev saman med menn og arbeidd saman med menn. Hennar personlege erfaring er at ho i dette miljøet ikkje opplevd det dei andre informantane fortel om. Ho bur i by no og seier: «*Ein vil bli dømt nord og ned uansett kor ein bor*». Bianca som bur i by synes det er deilig å sleppe «bygda-gossipen», som ho seier, men ho trur det kan vere annleis for dei som veks opp i byen, enn for henne som er innflyttar i vaksen alder. Kanskje dei som har vakse opp i byen merkar meir til det å bli passa på og sladra om i sine miljø, samtidig som ho trur det er lettare å bli akseptert for den du er i byen. Ein som kjem flyttande til byen er ukjend for dei, og er ikkje så lett å legge merke til. To av informantane mine trur at alt dette blir betre når ein blir eldre, og det er eit interessant perspektiv. Då kan det vere den fasen i livet der ein kanskje er mest redd for å skilje seg ut og det kanskje er mest «bygda-gossip» vere det dei legg til grunn for korleis dei vurderer

heimbygda si. Samtidig som eg tenker der vil vere mekanismar heile livet, og kanskje uansett kvar du bur, som vil «halde deg på plass». Der trur eg Bourdieu og Gullestad er inne på noko vesentleg. Det har med gamle mekanismar i samfunnet å gjere, der ein spelar på frykta for det nye og ukjende og frykta for ikkje sjølv å skulle passe inn dersom mange andre skulle endre seg.

Marianne Gullestad (1984) skriv om korleis dei ulike domena i livet til kvinnene påverkar andre område, og korleis dei ulike domena støttar kvarandre. Det å ha nettverk, venner, naboar og samboar som stadfesta dei og backar dei opp er veldig viktig. Ho skriv at det er viktig med vennsksapsrelasjonane for at det skal fungere på andre område i livet. Jamfør også kvinna som stod bak Facebook-sida. Ho sa at kvinner må skaffe seg andre kvinner rundt seg som støttar dei. Eg tenker dette er eit svært viktig moment for å kunne trivest i ei bygd. Mekanismane for å halde folk på plass er kjønna. Unge kvinner skal prestere på svært mange område, dersom dei skal leve opp til alle forventingane i samfunnet rundt seg, både frå deira eigen generasjon og frå tidlegare generasjonar.

5.3.2 Kven i forholdet bestemmer kvar ein skal bu?

Det er desidert flest kvinner som studerer, og dei fleste må flytte for å studere. Statistisk sentralbyrå skriv at flyttealder har vore lavare for kvinner enn menn lenge, men at ulikskapen i flyttealder har minka siste åra:

Tidligere flyttet mange direkte sammen med en partner, og i de fleste parforhold er kvinner yngre enn menn. I dag er samlivsinngåelse ikke lenger hovedgrunnen til flytting hjemmefra. I stedet er utflytting ofte knyttet til start av utdanning eller arbeid (Texmon 1996:97). Alderen ved disse miløpælene er mer lik for menn og kvinner enn før. (Dommermuth, 2009).

I distrikta er flyttealderen lavare enn i storbyar, der ungdommane har langt fleire moglegheiter nært seg, og kan bu heime lenger. Dei unge kvinnene i distrikta kan velje høgskular nært dei dei bur, men dei fleste må truleg flytte under utdanning, og då gjerne til ein by. Det er færre

enn før som flyttar rett frå barndomsheimen og inn til ein sambuar, men kan sambuar eller kjærast likevel vere ei årsak til kvar unge kvinner vel å etablere seg?

Det har tradisjonelt vore slik at kvinner flytter mest. Før når eldste sonen skulle ta over garden, og i seinare tid når mannen i mange tilfelle har vore hovudforsørgar. I kapittelet om utdanning, skreiv eg at inntektsnivået etter fagbrev er høgast på dei mannsdominerte yrkesfaglege utdanningsprogramma. Det er også mennene som oftast tek vidareutdanning etter fagbrev. Dei som tek fagbrev på dei kvinnedominerte yrkesfaglinjene går ut i lavt løna yrke, og det er også dei som jobbar mest deltid. Då er det kanskje ikkje så rart at det er mannen sin jobb som bestemmer kvar ein skal bu, og kvinnene er meir innstilt på å flytte? To av informantane mine bur med mannen der mannen er eller skal. Ingen har (så vidt eg veit) sambuarar som har flytta med dei eller til dei. Eg går ikkje meir i detalj om dette, på grunn av anonymiseringa, men det interessante er at det ser ut som om, utifrå den vesle undersøkinga mi, at to av informantane mine som er i forhold flytter til og med mannen dit han skal.

Dersom ein vel å utdanne seg slik at ein kan få jobb mange stader, så trur eg utifrå det informantane mine seier at nærleik til den eine sin familie eller slekt betyr mykje når ein får barn. For dei kvinnene som har valt utdanning som gjer at dei må bu der dei får jobb, må nødvendigvis mannen i forholdet flytte. Det er kanskje lite aktuelt for ei høgt utdanna kvinne å hoppe av ei karriere og begynne i industrien eller verte gardskone i heimbygda. Då må det kome fleire arbeidsplassar for høgt utdanna kvinner i distrikta.

Mønsterplanen frå 1974 sa at skulen «...må aktivt prøve å motvirke at yrkesvalg domineres av kjønnsstradisjoner og hjelpe den enkelte elev til å realisere sine evner og muligheter uansett kjønn.» (Danielsen, Eirinn Larsen, & Ingeborg W. Owsen, Norsk likestillingshistorie 1814-2013, 2014, s. 282). I forhold til høgare utdanning, så ser ein resultat av ein målretta politikk, men resten av samfunnet heng ikkje med i å skaffe kompetansearbeidsplassar der kvinner bur.

5.3.3 Kjønnroller

Gullestad skriv at begge kjønn ynskjer å vere anstendige, vanlege folk, men at dette kan ha ulik tyding for menn og kvinner, det er ulike krav til «god moral». Tuva Beyer Broch skriv

om «Hjem(met) i og etter Gullestad» (kap.2.3). Kva som er heime, eller huset, kan utvidast til nabolaget, eller bygda, eller skogen og fjellet rundt heimen. Heimen kan vere trygg og ein kan få bekrefte seg sjølv, eller det kan vere ein plass ein føler seg overvaka eller oversett. Det kan etter kvart bli eit press om å vere vellukka og passe inn i ei rolle mange stader. Ei klasse i ei bygd kan utvikle ein habitus som skil seg frå same klasse i andre bygder, men kanskje ikkje så mykje som habitusen mellom to klasse skil seg. Klasse kan forme habitus, men også kjønn, stad og sosialt miljø i vid forstand, for eksempel gjennom fritidsinteresser. Gjennom å vere med på eit handballag kan ein utvikle ein habitus som blir forbunde med å ha sunne og gode interesser, like å trene og vere i god fysisk form. Ein blir noko andre ser opp til ved å vere forbunde med dette laget. På same måte med kjønnsroller, det gir utteljing å vere forbunde med eit miljø som blir anerkjent. Dersom ein bur i eit byggefelt eller i ei gate, gjerne med fleire husstandar frå same generasjon, så pyntar ein ved inngangen sin, ordnar i hagen, kler på barna etter det som er smaken eller standard i det området. «Slik blir hjemmet både innvendig og utvendig kjønnet. Kvinner dekorerer og opnar for andre kvinners innsyn og vurdering» (Broch, 2020, s. 11). Marianne Gullestad (1984) er inne på det same som Bourdieu (1995). Kva kriteria er for ein «fin heim» varierer etter situasjon og kontekst. Dei ulike gruppene i samfunnet anerkjenner kvarandre etter ulike kriteriar. Dei som vektlegg dei nære ting i intervju mine peikar på ting som er kjønna, for eksempel at heimbygda er ein fin plass å vekse opp for barn, at ein er nært familien. Dei knytter det å vere eit godt menneske og ha eit godt liv opp mot heimen eller heimstaden sin. Forståing av moralitet kan vere knytta til heimen. Det er lange tradisjonar for korleis ei kvinne skal te seg. (Danielsen, Husmorhistorier, 2002, s. 150). Det kan vere i forhold til å halde familien samla. Eine informant min som bur i heimbygda seier at ho set stor pris på at den utvida storfamilien er samla i alle fall ein gong i veka.

Bourdieu (1995) hevdar at toleransen hos folk for krava til feministane aukar til nærare du kjem ein by. Bente som har fagbrev og bur i by, seier dette om hennar inntrykk av eventuelle ulikskapar mellom by og bygd når det gjeld likestilling og kjønnsroller: «Eg er litt usikker, i byen er ein meir open. I bygdene er det sånn som vi alltid har gjort det i 100 år.» Det er interessant at ho er ganske tydeleg på at det er «gammaldagse» kjønnsroller på bygda, samtidig som ho innleier setninga med at ho er «litt usikker». Eg blir dermed litt usikker på om ho då prøver å svare det ho trur eg vil høyre? Når eg ser på reaksjonen til mange av informantane mine på dette spørsmålet (dei som eg snakka med direkte og ikkje på telefon), så er det dette spørsmålet dei ser ut som dei stussar mest på, og det verkar vanskelegast for dei

å svare på. Ei av dei svarar «veit ikkje», og ei svarar «har ikkje tenkt så mykje på det». Det var kanskje eit lite relevant spørsmål til dei som kun har budd i bygda. Anette som bur i by og er singel. Ho trur kanskje det er forskjell på kjønnsrollene og at det er meir tradisjonelt på bygda, men ho seier det kan ha med at ho tenker på sin eigen barndom, og kjønnsrollene i foreldregenerasjonen.

«Verda går framover, og veldig fort siste åra», seier Bianca, «det har skjedd masse på kort tid». Ho er dagleg leiar og har ekstrajobb i ein mannsdominert bransje. Ho seier «ein må ha litt tjukk hud», ho har opplevd ting som kvinne, «men aldri noko alvorleg». Då tenker eg med ein gong på #metoo-relaterte opplevingar. Enkelte har og sagt til ho at ho får jobbar fordi ho er kvinne, då blir ho provosert, seier ho. Ho har jobba hardt for det.

Synnøve seier at: «Ein er friare til å velje det ein vil. Det er mindre flaut å velje utradisjonelt. Det er ikkje så skilt lenger. Det er fortsatt mannsyrke og kvinneyrke, men ikkje så mykje. Det er enklare med min generasjon, men det er fortsatt ein lang veg å gå.» Å velje utradisjonelt blir her forbunde med å vere flaut, men mindre flaut enn før. Det kan vere ei av årsakene til at eg ser i materialet mitt at informantane mine som bur i bygda vel meir tradisjonelt utifrå kjønn.

Hege fortel at ho veit om veninner som flyttar frå bygda og saman med sambuar frå by, har ei interessant fordeling av dei økonomiske utgiftene. Det er mannen som kjøper leilegheit og kvinna som betalar mat og anna til huset. Ho har inntrykk av at to frå by som flyttar ilag deler dette likt. Der ser ho ein skilnad blant kvinnene ho kjenner til frå bygd og by. Eg tenker at ein kan forklare noko av dette med kvinnene det er snakk om kanskje er yngre enn mannen og at han dermed er meir etablert, eller at han har ein jobb der han tener betre. Kanskje er det nye forhold. Uansett har Hege observert meir økonomisk likestilte forhold der begge kjem frå by, og at det er skilnad på kvinner si rolle i bygd og by.

Franske Simone Beauvoir ha sterk påverknad på likestillingskampen i Noreg (Danielsen, Eirinn Larsen, & Ingeborg W. Owsen, Norsk likestillingshistorie 1814-2013, 2014, s. 301). Ho kritiserte husmorrollen som eg skildra i eit tidlegare kapittel, og sa at ein blir ikkje født som kvinner, ein blir det gjennom sosialisering. Kanskje er norma for ei kvinne husmorrollen på same måten som norma for å vere sjef er ein mann. Når ei kvinne er sjef heiter det kvinneleg sjef, og kvinneleg markerer avviket frå norma. Då er vi tilbake til Gilligan og omsorgsogenet (Davies, 1992). Er kvinner meir omsorgsfulle og ansvarlege, eller kjem det av årelange tradisjonar, der utdanning og karriere var noko kvinner kunne sjå langt etter, men der

dei no er dominerande. Eg meiner det Synnøve og Bianca seier er rett. Mykje har forandra seg, men det står att ein god del. Kanskje er det også slik Bourdieu (1995) hevda at toleransen overfor feministane aukar til nærare by ein kjem. I alle fall ser vi det av eksempelet til Hege at kvinner ho veit om i by er meir økonomisk likestilte når det gjeld kjøp av leilegheit, i forhold til kvinner frå by. Fleire av informantane mine snakkar om vanskar med å vere akkurat sånn ein vil i bygda, og det tenker eg gjeld i forhold til kjønnsroller og. Eg stiller spørsmålsteikn ved analysen til kvinna bak Facebook-sida eg nemnde tidlegare, om generasjon Z og barna deira som består av sjølvsentrerte prinsar og prinsesser. Det eg trur som er ein viktig forskjell mellom dei som er unge vaksne i dag og dei som arrangerte dugnad og var med i foreningar som ho viser til, er kva dei yngre generasjonane forventar av seg sjølv og kvarandre. I Hilde Danielsen si bok «Husmorhistorier» (Danielsen, Husmorhistorier, 2002) skriv ho for eksempel at på 1950-talet, i husmora si storheitstid, var det ikkje forventa at kvinnene skulle bruke mykje tid på barn. Barna skulle «sjåast, men ikkje høyrast», og husmødrene sitt ansvar var i hovudsak knytt til hushaldninga: matlaging, vasking og økonomistyring i heimen. Det var ikkje snakk om kvalitetstid med barna, følgje på trening og køyre dei rundt til ulike aktivitetar, slik det er i dag. Det var heller ikkje forventa at kvinner skulle bruke tid på å pleie vennskap og halde seg i form, det vart tvert imot sett på som litt umoralsk dersom nokon tok seg ei pause for å gå seg ein tur for eksempel. Tidsklemma folk opplever i dag heng nok mykje saman med at mengda av ting folk blir forventa å gjere og meistre har auka svært mykje. Husmødrene hadde ein jobb utan grenser og utan ferie (det er alltid nokon som er svoltne og noko som må vaskast), men den generasjonen vart ikkje forventa å prestere på veldig mange område samtidig. Dette heng og saman med moral, og kanskje også sladder: det er framleis kvinna det blir reflektert negativt på når familien ikkje har desse tinga på stell, for eksempel dersom huset er rotete, barna ikkje deltek i aktivitetar, familien ikkje sender julekort og huskar bursdagar o.s.b. Mangelen på dugnadsånd som kvinna eg intervjuar etterlyser heng kanskje saman med dette, og er noko ho er vand med frå sin barndom og sin generasjon kvinner. Kanskje den relative anonymiteten som fyl med å flytte til ein større plass gir folk ei pause frå å bli vurdert på denne måten eg skildrar ovanfor.

Alle informantane mine er fulltidsarbeidande eller fulltidsstudentar. Synnøve som bur i bygda seier her er mange tilbod, men ho er lite flink å bruke det. Hege som har barn, nyttar seg av tilboda for barnet. Anne er med på dugnadsarbeid i bygda når ho er heime. Det står ikkje på viljen, men på tid og kapasitet. Kvinner på bygda må vere bevisste på definere si eiga rolle, og ikkje la nokon andre gjere det for seg, heller ikkje tidlegare generasjonar kvinner.

«Overvakinga» i bygdesamfunnet tenker eg er baksida av medaljen av det som informantane kallar «trygt». Alle kjenner alle, og ein treng ikkje vere redd for å gå ut. Ein passar på flokken sin, men det kan gi veldig uheldige utslag også. Kvinner har eit press på seg til å passe inn i ei bestemt rolle.

5.4 Oppsummering- med svar på forskingsspørsmål

5.4.1 Klasse

Forskingsspørsmål 1:

Korleis definerer unge kvinner frå ulike sosiale lag eit godt liv, og opplever dei å ha valfridom til å velje kva dei vil bli og kvar dei vil bu uavhengig av familiebakgrunn?

I utgangspunktet kan familiebakgrunnen til informantane mine ha vore litt for lik. Kanskje eg skulle hatt informantar som såg seg sjølve tydelegare i eit bestemt sosialt lag, men eg ser at dei som tek høgare utdanning reflekterer bevisst eller ubevisst over klasseomgrepet. Det at dei ikkje oppfattar seg sjølve så tydeleg som del av ei klasse kan og reflektere at klasse gjerne blir erfart som noko vagt av mange nordmenn. Vi er ikkje så vandt til å snakke på denne måten no i vår tid. Dette var nok veldig annleis for berre nokre tiår sidan.

Vi ser eit skilje mellom dei som tek høgare utdanning og gruppa som ikkje har høgare utdanning i kva dei er opptekne av og verdset med bakgrunn i spørsmålet «Kva er det viktigaste i livet ditt?» Det verkar som om dei som ikkje har høgare utdanning er meir opptekne av livskvalitet og dei nære ting, å vere fornøgd, klare seg, ha nok, vere med folk som løfter ein, gjere ting som gjer ein glad. Ei kvinne understrekar det med å vere med familien. I gruppa med høgare utdanning svarar dei: det å vere sikra jobb og god inntekt, trivsel i jobb og bu ein plass med moglegheiter. Samtidig som to av desse også understrekar at familien er viktig. Ulike klasser har ulike habitus, og ein veks inni det miljøet ein er. Målet til alle er å ha eit godt liv.

To av informantane som har fagbrev eller ikkje fullført vidaregåande har triste historier å fortelje om at dei ikkje fekk den hjelpa dei trengde i skulen. Det har påverka framtida deira, og vala dei gjer.

To av dei dei med høgare utdanning var bevisst på at dei ville vere i bygda. Den eine med fagbrev var også bevisst på det. Den siste informanten som bur i bygda, seier at ho hadde flytta etter ungdomsskulen, dersom ho ikkje hadde hatt ein kjærast. Alle informantane, både dei som bur vekke, og dei som bur i bygda, er einig om at dei som bur vekke og tek utdanning har endra seg. Halvparten av informantane kjem frå heimar der foreldra er lavt utdanna. Andre halvparten kjem frå heimar der den eine forelderen har høgare utdanning. Halvparten av informantane mine, dei som tek høgare utdanning, er på ei klassereise. Dei opplever sjølve at dei endrar seg grunna utdanninga, i meir eller mindre grad.

Alle informantane er inne på at det ikkje berre er utdanning som endrar ein, men også å bu på ein annan plass, i eit anna miljø, og at ein blir eldre. Det å kome tilbake til bygda med ein endra habitus blir lagt merke til, og av nokon tolka som om dei trur dei er betre. Det følgjer ein status med det å bu vekke og ta utdanning, særleg i hovudstaden. To av dei med høgare utdanning har mødre med høgare utdanning. Den eine faren som har høgare utdanning har to døtre med fagbrev. Mødrene i undersøkinga mi kan ha vore rollemodellar og påverka døtrene sine. Ein av informantane min med foreldre utan utdanning, seier at det er så gode ordningar i dag, at du kan ta utdanning same kva sosial bakgrunn du har. Det er ikkje foreldra sin økonomi det kjem an på om du kjem deg vekk å studere, dersom du vil eller kan det. Eg tenker at dei som stiller med god økonomi i ryggen har det enklare i forhold til å stå heilt fritt når det gjeld å flytte akkurat dit du vil og gå på akkurat den skulen du ynskjer.

5.4.2 Utdanning

Forskingsspørsmål 2:

Kva kan påverke unge kvinner sine val og erfarer dei at høgare utdanning kan endre deira bilete av seg sjølv og kvar dei opplever å høyre til?

Talet på dei som tek høgare utdanning aukar, og det er flest kvinner som tek høgare utdanning. Alle foreldre utan om eitt foreldrepar har oppmuntra informantane til å ta utdanning. Støtte heimanfrå betyr mykje. Fleire av kvinnene har vore sterkt påverka av venner

i valet sitt. Dei fleste av dei som studerer har vore i «flinke gjengar», og dei har mest kontakt med desse framfor dei som ikkje tok utdanning. Det dei har valt av utdanning er tilfeldig, og etter interesse. Ei valde bevisst å reise dit gjengen ikkje for, for å utvikle seg sjølv i møte med nye folk. Dei som ikkje har nokon gjeng har valt sjølvstendig, men også då kan det vere tilfeldig det dei har valt. Dei to som har teke høgare utdanning som bur i by er tydelegast på at dei har endra seg. Dei lærer seg å tenke vitskapeleg, dei opplever eit mangfald av ulike folk og meiningar. Tre av dei som tek høgare utdanning har mest kontakt med andre jamaldra som tek høgare utdanning, og mindre med dei som ikkje tok utdanning. Den eine informanten med høgare utdanning som bur i bygda, svarar at det betyr ingenting om folk har høgare utdanning eller ikkje. Den eine som tek høgare utdanning som bur i by, seier at folk heime «er ikkje trangsynte». Dei informantane som bur i bygda, enten dei har høgare utdanning eller ikkje, seier at enkelte studentar som kjem heimatt, kan vere nedlatande. Det gir høgare status kan det verke som å ha vore vekke og studert, og kanskje gir det større status å halde fram med å bu i by etter ferdig utdanning, eller ein flyttar til eit buområde knytta til ein by der det bur fleire i same situasjon. Enkelte av informantane som bur i bygda, både med og utan utdanning, skildrar ei nedlatande haldning mot dei frå jamaldra som har flytta frå heimbygda til by for å studere, og kjem tilbake på besøk ferien. Eg kan ikkje sjå denne nedlatande haldninga mot heimlassen hos informantane mine som er høgt utdanna og bur i by, sjølv om dei heller ikkje ser for seg å flytte tilbake til bygda.

5.4.3 Kjønn

Forskingsspørsmål 3:

Korleis kan unge kvinne definere si eiga rolle i heimbygda, og likevel kjenne seg akseptert?

Kjønn er ein del av slik ein lærar å forstå seg sjølv og korleis ein ser for seg at ein skal passe inni samfunnet. Ein ser på andre kvinner og kva dei gjer, og lærer korleis ein skal opptre for å passe inn. Kva er norma og forventningane?

Ein av informantane mine seier at ein gjer som ein har gjort i «100 år» på bygda.

Kanskje heng historiske mønster att lenger i bygda enn i byen. Samtidig påpeikar to av informantane mine at mykje har skjedd, og verda går framover. Samla sett har informantane færre tankar om kjønnsroller og likestilling enn eg hadde tenkt, og nokre verka overraska over spørsmålet. Kanskje tek denne generasjonen likestilling for gitt?

Både Gullestad (1984) og Bourdieu (1995) peikar på det viktige med å ha nettverk, få anerkjenning og det å høyre til. Dei ulike domena i liva til kvinnene kan støtte opp om kvarandre. Vennsksapsrelasjonane er viktig for at det skal fungere på andre område i livet. Det å ha nettverk, venner, naboar og samboar som stadfesta dei og backar dei opp er veldig viktig. Informantane mine fortel også at nettverk og gode relasjonar er viktig for dei. Dette representerer det trygge. Det skal litt til å ville skilje seg ut eller gå sin eigen veg, og kanskje få kritikk og bli snakka om. Fleire av informantane kan bekrefte at det ikkje alltid er like enkelt for alle i bygda. Dei veit om folk som har flytta frå heimbygda si på grunn av mobbing. Ein av informantane har opplevd å høyre «*Kven trur ho at ho er*», då ho endra livet sitt. Det minner om «konformitetsomgrepet» til Bourdieu. Ein av informantane mine som bur i bygda seier at det endrar seg med alderen kor mykje ein merkar av sladder. Alderen dei er i når dei går på ungdomsskule- og vidaregåande er kanskje den mest krevjande i forhold til det å skulle skilje seg ut. Det er krevjande for begge kjønn, men jenter har eit større press i forhold til kropp og åtferd viser forskning (Ung data, 2019). Denne perioden i livet deira er med på å forme korleis dei tenker om bygda. Mange blir «anti-bygda» slik eine informanten sa. Den eine informanten min som er eldre og har budd i bygda nokre år, seier det er ein fordel å vere sånn at ein ikkje bryr seg. Samtidig er det kanskje slik når ein blir vaksen også at det er enklare å finne og behalde nettverk dersom ein følgjer den bestemte habitusen, norma og forventningane til ei sosial gruppe. Ein skal kanskje ikkje skilje seg for mykje ut heller, og mange følgjer med ein. Dersom ein har budd i bygda heile livet, så er det kanskje vanskeleg å kome utav den rolla ein har hatt under oppveksten. Jamfør informanten min som la om livsstilen sin i ei meir positiv retning og fekk høyre «*Kven trur ho at ho er?*». Dersom ein prøver på å endre seg blir ein minna på kven ein er. To av informantane mine har sambuarar/kjærast som ikkje bur i bygda. Den eine bur i by saman med sin sambuar, den andre skal flytte til ein by med sin sambuar. Å ha kjærast som ikkje er frå bygda, ser ut til å vere ein faktor for mine informantar, som gjer at dei flyttar permanent eller for ei periode. Kanskje har mannen eit yrke der han tener betre, og det blir dermed mannen sin jobb som bestemmer buplass.

Det å få barn kan vere ein faktor som spelar inn. Ei av kvinnene har tenkt på at bygda er ein trygg og god plass for barn å vekse opp, og at ho kanskje vel å flytte tilbake når ho får barn. Det seier og informant min som har barn. Det å bu nært familien og at det er ein fin plass å vekse opp, trur eg kan vere ein faktor som gjer at dei blir eller kjem tilbake.

Dette leier meg over til konklusjonen med svar på problemstillinga.

6. Konklusjon og svar på problemstilling

Problemstilling:

Kva kan vere avgjerande for at ei kvinne vel å bli buande i heimbygda eller flyttar til ein by?

Kvinnene i denne oppgåva kan sjå ut til å ha ulikt syn på kva som er viktigast for dei i livet, utifrå sin sosiale ståstad. Det er større fokus på livskvalitet og dei nære ting hos informantane utan utdanning. Klasse, enten den du er i frå før, eller den du kjem i som utdanna, kan ha påverknad på kvar du vel å bu, utifrå kva kvalitetar som er verdsett i dei ulike klasser eller miljø, og kva du lærer deg å setje pris på. Kanskje er status og materielle verdiar meir verdsett blant dei med høgare utdanning. Det er like mange i mitt materiale som vel å bu i bygd som i by, både med og utan høgare utdanning. Det ser ut som om dei som vel å bu i by av informantane mine, lukkast med planane sine, uansett bakgrunn. Når det gjeld utdanning, kan det tyde på at to av informantane mine ut ifrå det dei fortel, av årsaker som burde vore oppdaga eller teke tak i, ikkje har lukkast med skulegangen sin. Desse tenker eg har mista si valfriheit i forhold til å få ut sitt potensiale. Kan det vere symptom på ei urettferdigheit i skuleverket som har samanheng med kjønn, klasse og fordomar?

Utifrå materiale mitt, tenker eg at ein kan endre seg av å ta utdanning for eksempel ved at ein opplever større mangfald i eit studiemiljø eller ein by, ein blir vandt til vitskapelege tenkemåtar, og ein får meir kunnskap. Samtidig kan det påverke ein at ein blir eldre, at ein flyttar for å arbeide ein anna stad; utan å ta utdanning, at ein får ein kjærast eller sambuar ein annan stad, og andre faktorar. Dersom mange i gjengen flyttar for å ta utdanning, så gjer informantane det også, gjerne saman med gjengen. Det kan vere tilfeldig kva ein vel av utdanning, men eg trur at dei som tenker at dei på sikt ynskjer å bu i heimbygda, vel ei utdanning som passar til arbeidsmarknaden på heimstaden, der dei er sikra jobb. Dei har familie dei trivest saman med eit nettverk.

Eg trur ikkje at informantane mine med høgare utdanning tenker at det er på grunn av at utdanninga har endra dei, dei ikkje skal bu i bygda i framtida. Folk heime er ikkje

«trongsynte», så dei nye verdiane passsar inn, seier den eine av dei. Eg har inntrykk av at ho ikkje føler endringa har ført til framandgjering i forhold til sine næraste.

Informantane skildrar på eine sida trygghet, og på den andre sida overvakinga i bygda. Tre av informantane som bur i bygda trivest, den siste må ha seg ei pause. Den eine informanten som bur i bygda, seier tydeleg at ho ikkje vil skilje seg ut, men beundrar andre som tør det. Ein av informantane mine seier nokre får skilje seg ut, andre ikkje. I byane er det eit større mangfald, ein kan vere anonym og bli meir akseptert seier fleire av dei. Mekanismane med å trykke ned og halde på plass er kanskje meir tilstades på ein liten stad med meir oversikt, enn i ein by. Å skilje seg ut vil ein helst ikkje, og det kan vekke negativ merksemd dersom ein endrar seg, fortel to av informantane mine. Dersom ein har opplevd å bli utsett for «bygda-gossipen» sjølv, eller ein har sett andre bli snakka ned eller mobba, kan vere noko av årsaka til den negative haldninga til heimbygda, som fleire av informantane skildrar. Ungdomstida er ein sårbar alder der ein helst ikkje vil skilje seg ut. Eg trur det betyr mykje dersom ein har nettverk og blir anerkjent og bekrefta på ein positiv måte av dei ein har nærast deg. Då er ein ikkje så sårbar, samtidig så må det leggest til rette for at ungdommen skal trivast i heimbygda si med gode miljøfremmande tiltak, og eit godt skule- og fritidstilbod.

Kva kan påverke kva du blir og kvar du bur? Nokre av faktorane eg får ut av materialet mitt er: Verdiane dine- kva du tenker er viktig for deg i livet, opplevd valfridom, utdanning (om du lukkast i skulesystemet og i høgskulesystemet), kvar du får jobb, livssituasjon (barn, sambuar, kjærast), støtte frå dei som betyr noko for deg, kvar nettverk ditt er (familie, venner), draumen din, kva plassen kan tilby, om du vart «anti-bygda» i ungdomsåra, å få vere seg sjølv- dersom dei ikkje føler dei får det i heimbygda.

Svara eg har funne fram til kan ikkje generaliserast til alle, men det er svar utifrå slik eg har tolka og analysert dei åtte informantane sine personlege erfaringar. Det finst uendeleg mange svar på kvifor folk vel å bli i ei bygd eller å flytte, det kan vere fleire faktorar spelar saman og det kan vere tilfeldig.

7. Avslutning:

Gjennom dei åtte informantane mine har eg ikkje kome fram til svar som kan generaliserast til alle, men eg har fått fram informantane sine personlege erfaringar, og kanskje eg har kome med nokre perspektiv som kan gjere at ein blir meir merksam på, eller reflekterer over kvifor ting blir som dei blir.

Framleis står det att mange spørsmål som eg ikkje har fått svar på i oppgåva, og som kan vere interessant for andre forskingsprosjekt:

Er klassereisa, eller klassesdiskriminering, det same for kvinner og menn?

Korleis er kjønnsidentitet og normer forma av klassebakgrunn, og korleis er klasseidentitet forma av kjønn?

Opplever kvinner på små stader livet sitt annleis enn menn?

Det ha vore interessant å samanlikne kvinner og menn sine opplevingar.

Ei mogleg anbefaling eg kan kome med til planleggarar, politikarar og andre som jobbar med å bremse fråflyttinga av unge kvinner frå små bygder kan vere å huske på at fråflytting er ei kompleks problemstilling som ikkje kan løysast med enkle svar og mekanismar. Det er ingenting i mitt materiale som tyder på at for eksempel introduksjon av urbane innslag som kaffibar og andre møteplassar i det offentlege rom vil ha noko vesentleg innverknad på livsvala til dei eg har intervjuet. Det er heller ikkje så enkelt at berre ein har tilgang på arbeid, bustad og barnehageplassar så løyser det problemet. Spørsmål forbunde med store livsval heng saman med kvar ein kjenner ein høyrer til, identitet, ambisjonar, relasjonar og spenninga mellom behov for trygghet og nye inntrykk. Enkeltpersonar finn sine svar i krysninga mellom alle desse faktorane. Det som står fram som mest viktig for å hindre at unge kvinner flytter frå bygda utifrå materialet mitt er å legge stor vekt på at ungdommar trivest og føler seg akseptert for den dei er, og er i ferd med å bli gjennom åra på ungdomsskulen og vidaregåande skule. Det ser ut som om det er her «anti-bygda» kjensla oppstår, i møtet mellom ungdommar sin mest sårbare periode og «bygda-gossipen».

Litteraturliste

- Aune, M., Langset, B., & Sørli, K. (2011, 05). Flyttemotiver og bostedsvalg. *Plan 05/2011 (Volum 43)*, ss.42-48. Hentet fra Idunn.no: <https://www.idunn.no/plan/2011/05/art01>
- Bourdieu, P. (1995). *Distinksjonen*. Oslo: Pax Forlag A/S.
- Broch, T. B. (2020, 01-02). Introduksjon: Hjem(et) i og etter Gullestad. *Norsk Antropologisk Tidsskrift*, ss. s.5-19.
- Bukve, O. (2016). *Forstå Forklare Forandre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Carlsson, T. (2020). Hvem er generasjon Z og hva gjør de? [Blogginlegg]. Hentet fra ef.no: <https://www.ef.no/blog/language/generasjon-z/>
- Danielsen, H. (2002). *Husmorhistorier*. Fagernes: Spartacus Forlag.
- Danielsen, H., Eirinn Larsen, & Ingeborg W. Ovesen. (2014). *Norsk likestillingshistorie 1814-2013*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Davies, K. (1992). *Toward a feminist rhetoric: The Gilligan debate revisited*. Hentet fra sciencedirect.com: [https://doi.org/10.1016/0277-5395\(92\)90102-2](https://doi.org/10.1016/0277-5395(92)90102-2)
- De nasjonale forskningsetiske komitèene. (2016, 27. april). Hentet fra etikkom.no: <https://www.etikkom.no/forskningsetiske-retningslinjer/Samfunnsvitenskap-jus-og-humaniora/b.-hensyn-til-personer-5---18/>
- Dommermuth, L. (2009, 9. mars) Når flytter de unge hjemmefra? Hentet fra ssb.no: <https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/naar-flytter-de-unge-hjemmefra>
- Eide, A. K. (2005, 01). Uutholdelig letthet. *Norsk antropologisk tidsskrift 01/2005 (Volum 16)*, ss. 18-33. Hentet fra idunn.no.
- Gullestad, M. (1984). *Kitchen-table society: A case study of the family life and friendships of young workingclass mothers in urban Norway*. Oslo-Bergen-Stavanger-Tromsø: Universitetsforlaget.
- Gundersen, D. (2009, 14.februar). Etablere. Hentet fra Store norske leksikon: snl.no/etablere

- Hansen, M. N., Patrick Lie Andersen, Magne Flemmen, & Jørn Ljunggren. (2019). Klasser og eliter. I Olav Korsnes, Marianne Nordli Hansen, & Johs. Hjellbrekke, *Elite og klasse i et egalitært samfunn* (ss. 25-38). Oslo: Universitetsforlaget.
- Hatling, L., & Ingvill Dahl. (2020, april). Tilflyttings- og rekrutteringsarbeidet i distriktene-en oppsummering av kunnskap. Hentet fra distriktssenteret.no:
<https://distriktssenteret.no/artikkel/tilflyttings-og-rekrutteringsarbeid-i-distriktene-en-oppsummering-av-kunnskap/>
- Hattie, J. (2013). *Synlig læring*. Cappelen Damm.
- Kvale, S., & Brinkmann, S. (2018). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: 2018.
- Skjervheim, H. (1996). *Deltakar og tilskodar og andre essays*. Aschehoug.
- SSB (2017, 27. juni). Foreldrenes utdanningsnivå har mye å si. Hentet fra
<https://www.ssb.no/utdanning/artikler-og-publikasjoner/foreldrenes-utdanningsniva-har-mye-a-si>
- SSB (2018, 30. oktober). 4 av 5 med fagbrev er i jobb fem år etter fagprøven. Hentet fra
ssb.no: <https://www.ssb.no/utdanning/artikler-og-publikasjoner/4-av-5-med-fagbrev-er-i-jobb-fem-ar-etter-fagproven>
- SSB (2018, 23. april). Økt flytteaktivitet i Norge. Hentet fra ssb.no:
<https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/okt-flytteaktivitet-i-norge>
- SSB (2019, 11. oktober). Mobilitet blant personer med fag-/og svennebrev. Hentet fra SSB:
<https://www.ssb.no/utdanning/artikler-og-publikasjoner/mobilitet-blant-personer-med-fag-svennebrev>
- Sundberg, K. (2020, 26. mars). Her er de mest populære studiene i Norge. Hentet fra SSB:
<https://www.ssb.no/utdanning/artikler-og-publikasjoner/her-er-de-mest-populaere-studiene-i-norge>
- Sveen, K. (2018). *Klassereise*. Oslo: Forlaget Oktober as.
- Sørbo, J. I. (2002). *Hans Skjervheim- ein intellektuell biografi*. Gjøvik: Det Norske Samlaget.
- Thagaard, T. (2018). *Systematikk og innlevelse*. Bergen: Fagbokforlaget.

Ung data. (2019, 23. januar). Stress, press og psykiske plager blant unge. Hentet fra ungdatabasen: <http://www.ungdata.no/Nyheter/Stress-press-og-psykiske-plager-blant-unge>

Westover, T. (2019). *Noe tapt og noe vunnet*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Wilken, L. (2008). *Pierre Bourdieu*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.

Vil du delta i forskingsprosjektet

”Kva skal eg bli og kvar vil eg bu”?

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der formålet er å studere ei samfunnsutvikling der vi ser sentralisering og kvinneunderskot på bygdene . I dette skrivet gir eg deg informasjon om måla for prosjektet og kva deltaking vil innebere for deg.

Formål

Ein studie av ulike kvinner i etableringsfasen, og vala dei gjer.

Relevans

Sentralisering og kvinneunderskot på bygdene.

Problemstilling og forskingsspørsmål

Problemstilling:

Kva kan vere avgjerande for at ei kvinne vel å bli buande i ei bygd eller flyttar til ein by?

Forskingsspørsmål:

Opplever kvinner å ha reell valfridom til å forme framtida si sjølv?

Korleis kan det å ta høgare utdanning påverke verdiane våre?

Kva skal til for at kvinner skal trivast på bygda?

Kven er ansvarlig for forskingsprosjektet?

Eg tek masterstudiet på Høgskulen i Volda, avdeling for Samfunnsfag og Historie.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Du er i den relevante målgruppa, der eg tenker eg kan finne interessante svar på spørsmåla mine.

Kva inneber det for deg å delta?

- *Dersom du vel å delta i prosjektet, inneber det at eg intervjuar deg, og noterer ned svar. Det blir ikkje brukt lydopptak. Det vil ta deg ca. 45 minuttar. Svare dine blir analysert av meg.*
- *Dersom eg brukar enkelte sitat i oppgåva er dei anonymiserte, slik at ingen skal kunne kjenne det att. Staden/stadane studien føregår på er og anonymisert.*

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du likevel når som helst trekke

deg, utan å oppgi noko grunn. Det vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekke deg.

Ditt personvern – korleis eg oppbevarar og brukar dine opplysningar

Eg vil berre bruke opplysningane om deg til formålet eg har fortalt om i dette skrivet. Eg behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Du vil ikkje kunne identifiserast i notatane mine.

Kva skjer med opplysningane dine når eg avsluttar forskningsprosjektet?

Prosjektet skal etter planen avsluttast 25.mai 2020. *Alle notatar blir då destruert.*

Mvh

Vedlegg 2: Intervjuguide til informant med høg utdanning frå bygd som bur i by

1. Bakgrunnsopplysningar om foreldre: høgare utdanning eller arbeidarklasse.
2. Når begynte du å tenke på kva du skulle bli?
3. Likte du å gå på skulen?
4. Kva skulle du bli (i ulike fasar barndom/ungdom)?
5. Kva haldningar til utdanning prega ditt oppvekstmiljø? Frå dei vaksne og frå jamgamle.
6. Kva valde du, og kvifor?
7. Vart du påverka av nokon, søkte du råd hos nokon?
8. Starta du på utdanning rett etter v.g skule, eller hadde du «pauseår», venta på å komme inn, folkehøgskule, reiste du eller noko anna?
9. Korleis opplevde du å skulle velje?
10. Føler du at du fekk velge fritt? Kvifor/Kvifor ikkje?
11. Kva tenker du er det viktigaste for deg i ditt liv? (Familie og/eller jobb?)
12. Kva folk tenker du er viktig å ha rundt deg? (Familie, og/eller venner?)
13. Har du kontakt med dei som du gjekk på skule med, som ikkje tok høgare utdanning? Har du like god kontakt med dei som dei som har teke/tek høgare utdanning?
14. Kva tenker du om å ta utdanning vs å ikkje utdanning? Kan ein forandre seg pga utdanning?
15. Valde du ei utdanning for å kunne bu i bygda ein gong i framtida, eller rett etter utdanning?
16. Ser du for deg at du kunne valgt noko anna?
17. a. Kva gjer at du trives med å bu i byen?
b. Kunne du ha trivdes med å bu i heimbygda?
18. Har verdiane dine endra seg etter at du tok utdanning? (Tileignar du deg eit anna verdisett under utdanninga?) Passar det inn i bygda?
19. Kva verdiar tenker du ein har på bygda som ikkje er i byen?

(20. Kva andre fordelar er det med å bu i bygda?)

21. Trur du det er plass til alle i eit lite bygdesamfunn?

22. Korleis er det å vere i eit miljø med høgare utdanna, (og andre kodar) og så eventuelt kome heim til bygda? (er vi mest med dei som liknar oss sjølve?)

23. Likestilling og kjønnsroller: Trur du det kan vere forskjell på det på bygda og i byen?

Stille oppklarande og undersøkende spørsmål undervegs, slik eg er sikker på eg har forstått det vedkomande vil uttrykke/få fram.

Vere obs på at eg kan kome inn på sensitive tema og at eg kan røre ved noko i den som blir intervjuet som er sterkt for den.

Fleksibilitet i forhold til det som måtte kome på.

Debrifing. Eg ynskjer dei skal site att med ei god kjensle. Takke.

Vedlegg 3: Intervjuguide til informant med høg utdanning frå bygd som bur i bygd

1. Bakgrunnsopplysningar om foreldre: høgare utdanning eller arbeidarklasse.
2. Når begynte du å tenke på kva du skulle bli?
3. Likte du å gå på skulen?
4. Kva skulle du bli i ulike fasar barndom/ungdom?
5. Kva haldningar til utdanning prega ditt oppvekstmiljø? Frå vaksne og jamgamle.
6. Kva valde du, og kvifor?
7. Vart du påverka av nokon, søkte du råd hos nokon?
8. Starta du på utdanning rett etter v.g skule, eller hadde du «pauseår», venta du på å komme inn på skule, folkehøgskule, reiste du, eller noko anna?
9. Korleis opplevde du å skulle velje?
10. Føler du at du fekk velje fritt? Kvifor/Kvifor ikkje?
11. Kva tenker du er det viktigaste for deg i ditt liv?
12. Kva folk tenker du er viktig å ha rundt deg? (Familie, og/eller venner?)
13. Har du kontakt med dei som du gjekk på skule med, som ikkje tok høgare utdanning? Har du like god kontakt med dei som dei som tek/har teke høgare utdanning?
14. Kva tenker du om utdanning vs å ikkje ta utdanning? Kan ein forandre seg pga utdanning?
15. Valde du bevisst ei utdanning for å kunne bu i bygda ein gong i framtida, eller rett etter utdanninga?
16. Tenkte du på at du skulle gjere noko anna etter kvart?
17. Ser du for deg at du kunne valgt noko anna?
18. Kva gjer at du trives med å bu på bygda? Kva gjer eventuelt at du ikkje trives? Føler du deg inkludert, er det trygt, kan du vere deg sjølv?
19. Har verdiane dine endra seg etter at du tok utdanning? Tileignar du deg eit anna verdisett under utdanninga? Passar det inn i bygda?
20. Kva verdiar tenker du ein har på bygda som ikkje er i byen?

21. Kva andre fordelar er det med å bu i bygda?

22. Føler du at det er plass til alle i eit lite bygdesamfunn?

23. Er dei annleis dei som kjem heimatt som har utdanna seg i ein større by/budd vekke?

24. Likestilling og kjønnsroller: Trur du det er forskjell på kjønnsrollene i bygda og i byen?

Stille oppklarande og undersøkende spørsmål undervegs, slik eg er sikker på eg har forstått det vedkomande vil uttrykke/få fram.

Vere obs på at eg kan kome inn på sensitive tema og at eg kan røre ved noko i den som blir intervjuet som er sterkt for den.

Fleksibilitet i forhold til det som måtte kome på.

Debrifing. Eg ynskjer dei skal site att med ei god kjensle. Takke.

Vedlegg 4: Intervjuguide til informant med fagbrev eller utan fullført vidaregåande frå bygd som bur i by

1. Bakgrunnsopplysningar om foreldre: høgare utdanning eller arbeidarklasse.
2. Når begynte du å tenke på kva du skulle bli?
3. Likte du å gå på skulen?
4. Kva skulle du bli i ulike fasar barndom/ungdom?
5. Kva haldningar til utdanning prega ditt oppvekstmiljø? Frå vaksne og jamgamle
6. Kva valde du, og kvifor?
7. Vart du påverka av nokon, søkte du råd hos nokon?
- (8. Tok vekk spørsmålet om når ein tok til på fagbrevet, det kunne kanskje vore med)
9. Korleis opplevde du å skulle velje?
10. Føler du at du fekk velge fritt? Kvifor/Kvifor ikkje?
11. Kvifor valde du å bo i by?
12. Kva tenker du er det viktigaste for deg i ditt liv?
13. Kva folk tenker du er viktig å ha rundt deg? (Familie, og/eller venner?)
14. Har du kontakt med dei som du gjekk på skule med, som tok høgare utdanning? Har du like god kontakt med dei som dei som ikkje tok høgare utdanning?
15. Har du tenkt på at du skal gjere noko anna etter kvart?
16. Ser du for deg at du kunne valgt noko anna?
17. Trives du med å bu i byen? Kva gjer at du trives med å bu i byen? Kva gjer ev at du ikkje trives? (Føler du deg inkludert? Er det trygt? Kan du vere deg sjølv?)
18. Kva verdiar tenker du ein har på bygda som ikkje er i byen?
19. Kva andre fordelar er det med å bu i byen?
20. Føler du at det er plass til alle i eit lite bygdesamfunn?

21. Spørsmål om likestilling og kjønnsroller? Trur du det kan vere forskjell på det på bygda og i byen?

22. Trur du dei som har flytta til byen forandrar seg vs dei som blir buande i bygda?

Stille oppklarande og undersøkende spørsmål undervegs, slik eg er sikker på eg har forstått det vedkomande vil uttrykke/få fram.

Vere obs på at eg kan kome inn på sensitive tema og at eg kan røre ved noko i den som blir intervjuet som er sterkt for den.

Fleksibilitet i forhold til det som måtte kome på.

Debriefing. Eg ynskjer dei skal site att med ei god kjensle. Takke.

Vedlegg 5: Intervjuguide til informant med fagbrev frå bygd som bur i bygd

1. Bakgrunnsopplysningar om foreldre: høgare utdanning eller arbeidarklasse.
2. Når begynte du å tenke på kva du skulle bli?
3. Likte du å gå på skulen?
4. Kva skulle du bli i ulike fasar i barndom og ungdom?
5. Kva haldningar til utdanning prega ditt oppvekstmiljø? Frå vaksne og jamaldra.
6. Kva valde du, og kvifor?
7. Vart du påverka av nokon, søkte du råd hos nokon?
- (8. Tok vekk spm om når ein tok til på fagbrevet, det kunne kanskje vore med).
9. Korleis opplevde du å skulle velje?
10. Føler du at du fekk velje fritt? Kvifor/Kvifor ikkje?
11. Kvifor valde du å bli i bygda?
12. Kva tenker du er det viktigaste for deg i ditt liv?
13. Kva folk tenker du er viktig å ha rundt deg? (Familie, og/eller venner?)
14. Har du kontakt med dei som du gjekk på skule med, som tok høgare utdanning? Har du like god kontakt med dei som dei som ikkje tok høgare utdanning?
15. Har du tenkt på at du skal gjere noko anna etterkvart?
16. Ser du for deg at du kunne valgt noko anna?
17. Trives du med å bu i bygda? Kva gjer at du trives med å bu i bygda? Kva gjer ev at du ikkje trives? Føler du deg inkludert? Er det trygt? Kan du vere deg sjølv?
18. Kva verdiar tenker du ein har på bygda som ikkje er i byen?
19. Kva andre fordelar er det med å bu i bygda?
20. Føler du at det er plass til alle i eit lite bygdesamfunn?
21. Likestilling og kjønnsroller: Trur du det kan vere forskjell på det på bygda og i byen?

22. Har dei som kjem heimatt frå storbyen forandra seg? For eksempel når dei er på ferie heime?

Stille oppklarande og undersøkande spørsmål undervegs, slik eg er sikker på eg har forstått det vedkomande vil uttrykke/få fram.

Vere obs på at eg kan kome inn på sensitive tema og at eg kan røre ved noko i den som blir intervjuet som er sterkt for den.

Fleksibilitet i forhold til det som måtte kome på.

Debrifing. Eg ynskjer dei skal site att med ei god kjensle. Takke.

Vedlegg 6: NSD si vurdering

24.5.2020

Meldeskjema for behandling av personopplysninger



NSD sin vurdering

Prosjekttittel

Masteroppgåve IPAS 308. Kva skal eg bli og kvar vil eg bu?

Referansenummer

244605

Registrert

26.01.2020

Behandlingsansvarlig institusjon

Høgskulen i Volda / Avdeling for samfunnsfag og historie

Prosjektansvarlig (vitenskapelig ansatt/veileder eller stipendiat)

Type prosjekt

Studentprosjekt, masterstudium

Kontaktinformasjon, student

Prosjektperiode

26.01.2020 - 06.07.2020

Status

24.02.2020 - Vurdert anonym

Vurdering (1)

24.02.2020 - Vurdert anonym

Det er vår vurdering at det ikke skal behandles direkte eller indirekte opplysninger som kan identifisere enkeltpersoner i dette prosjektet, så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemaet den 24.02.2020 med vedlegg, samt i meldingsdialogen mellom innmelder og NSD. Prosjektet trenger derfor ikke en vurdering fra NSD.

HVA MÅ DU GJØRE DERSOM DU LIKEVEL SKAL BEHANDLE PERSONOPPLYSNINGER?
Dersom prosjektopplegget endres og det likevel blir aktuelt å behandle personopplysninger må du melde dette til NSD ved å oppdatere meldeskjemaet. Vent på svar før du setter i gang med behandlingen av personopplysninger.

24.5.2020

Meldeskjema for behandling av personopplysninger

VI AVSLUTTER OPPFØLGING AV PROSJEKTET

Siden prosjektet ikke behandler personopplysninger avslutter vi all videre oppfølging.

Lykke til med prosjektet!

Kontaktperson hos NSD: Jørgen Wincentzen

Tlf. Personverntjenester: 55 58 21 17 (tast 1)